2018

# Skulebruksplan 2019 - 2023

FITJAR KOMMUNE



Innleiing og bakgrunn for skulebruksplanen ........ 2
Lokale utviklingsmål for Fitjarskulen ........ 6
Skulefakta Fitjar kommune ........ 8
Skulestruktur i planperioden ........ 20
Dagens skulestruktur ........ 26
Alternativ 1 – Nedlegging av grendaskulane, flytta alle elvane frå Øvrebygda og Selevik til Rimbareid ........ 27
Alternativ 2 – Øvrebygda blir ein 1.-4.skule for elevane frå Øverbygda og Selevik, og alle elevane frå 5.-7.trinn flyttast over til Rimbareid ........ 31
Alternativ 3 – Flytte alle elevane frå Øvrebygda til Rimbareid, halde Selevik skule slik den er i dag ........ 34
IKT i Fitjarskulen ........ 38
Nærmiljøprinsippet – krinsgrenser ........ 40
Spesialundervisning ........ 41
Skuleskyss / skuleveg / trafikksikring ........ 44
Skulefritidsordning og leksehjelp ........ 45
Foreldresamarbeid ........ 46
Elevane sitt læringsutbyte ........ 47
Elevane sitt psykososiale læringsmiljø ........ 47
Overgang barnehage / skule ........ 48
Overgang skule / vidaregåande skule ........ 49
Bibliotektenesta – samarbeid med skulane ........ 50
Vedlegg til planen ........ 51
- Alternativ 4 – flytte 7.trinn frå Selevik og Øvrebygda til Rimbareid skule ........ 51
- Alternativ 5 - flytta 5. – 7. trinn frå Øvrebygda og Selevik skule - 1.– 4. klasse blir verande på dei respektive skulane ........ 52
- Alternativ 6 - flytta alle elevane frå Selevik skule til Øvrebygda skule ........ 54

Lærarnorma ........ 55
- Alternativ 1 side 27 – Alle elevar til Rimbareid skule 2019 - 2020 ........ 55
- Alternativ 1 side 27 – Alle elevar til Rimbareid skule 2020 – 2021 ........ 56
- Alternativ 2 – Øvrebygda fulldelt 1.-4.skule, alle elevane 5.-7.trinn flyttast til Rimbareid og Selevik leggast ned. Periode 2019 - 2020 ........ 57
- Alternativ 2 – Øvrebygda fulldelt 1.-4.skule, alle elevane 5.-7.trinn flyttast til Rimbareid og Selevik leggast ned. Periode 2020 – 2021 ........ 58
- Alternativ 3 – Alle elevane frå Øvrebygda til Rimbareid skule periode 2019 – 2020 ........ 59
- Alternativ 3 – Alle elevane frå Øvrebygda til Rimbareid skule periode 2020 - 2021 ........ 60

# Innleiing og bakgrunn for skulebruksplanen

Gjeldande skulebruksplan vart vedteken i kommunestyret 11.november 2014, og er verksam fram til og med 2018. I kommunen sitt planprogram vart det sagt at det skal utarbeidast ein ny plan i 2018.

Fitjar kommune har i planperioden ein meir krevjande økonomisk situasjon pga av effekten av nytt inntektssystem knytt til kommunereforma, auke i folketalet som reduserer småkommunetilskotet, og samansetninga av befolkningen.

Utfordringa med ny plan er det økonomiske oppdraget frå politikarane om å gjere ein større og varig reduksjon i skulebudsjettet etter følgjande plan.

**2018: Reduksjonar i skulesektoren frå 01.08.18**

Nedtrekk ein stilling med spesialundervisning Rimbareid skule kr 265.000,-
- Ikkje flytta 7. trinn frå Øvrebygda til Rimbareid skule kr 265.000,-
- Nedtrekk 4 t særskild norskopplæring Rimbareid skule kr 40.000,-
- Nedtrekk assistentressurs Rimbareid skule kr 100.000,-
- Nedtrekk 4 t særskilt norskopplæring Selevik skule kr 40.000,-
- Nedtrekk 4 t spesialundervisning Øvrebygda skule kr 40.000,-
- Ikkje opptak av lærling i 2018 kr 70.000,-
- Nedtrekk driftsmidlar og stipend kr 120.000,-
- Nedtrekk ein stilling ved vaksenopplæringa kr 265.000,-
- **Samla nedtrekk kr 1.165.00,- for hausten 2018. Årsverknad 2019 kr 1.977.000**,-

**2019: Reduksjon kr 663.000 (ikkje flytta 7. trinn) + redusert elevtal kr 550.000,- = 1.213 mill.**

**2020: 1.5 mill. + 0.663 mill. + redusert elevtal 1.430 mill. = 3.593 mill.**

**2021: 3.0 mill. + 0,663 mill. + redusert elevtal 0.990 mill. = 4,653 mill.**

Våre økonomiske rammevilkår vil kunne auka trongen for driftsreduksjon eller inntektsauke ytterlegare.

I tillegg kjem det i 2018 eit vedtak frå Stortinget om ny lærarnorm som skal tre i kraft frå 1.august 2018, men som per juni 2018 framleis ikkje er vedteken.

Dette vil ha påverknad for innhaldet i skulebruksplanen for Fitjar kommune, og arbeidet kommunen har framføre seg dei neste 4 åra.

## Fitjar kommune – langsiktig utfordring

Fitjar kommune er i ein krevjande økonomisk situasjon.

I økonomiplanen 2018-2021 har kommunestyret vedteke reduksjon i drift med:

- 2019: Pleie og omsorg 1,4 mill. gjennom redusert driftsnivå på FBB ved nybygg, skule og oppvekst 1,2 mill. og andre avdelingar 0,7 mill. (inkludert 1 mill. i uspesifisert reduksjon på administrasjonen på 1 mill.)
- 2020: 3,2 mill. hovudsakleg skule
- 2021: 1,2 mill. hovudsakleg skule

Innsparingane i skulen skal handterast gjennom kommunen si igangsetting av ny skulebruksplan 2018-2022.

Økonomiplanen har eit meirforbruk i 2020 som aukar i 2021. Når ein kjem så langt fram, krevst det ytterlegare tiltak for å komma i balanse.

KS har utarbeida prognose med bakgrunn i kommuneproposisjonen 2019, for perioden til 2022. I 2022 er Fitjar nede på det nye inntektsnivået (ingen kompensasjon gjennom INGAR).

Dersom me føreset likt driftsbudsjett i 2022 som i 2021, rammetilskot som prognosen, og skatteinngang på 90 % av landsgjennomsnittet, finn me beløpet me må betra balansen med, for å ha eit budsjett i balanse (utan mindreforbruk) i 2022:

| | |
|---|---|
| Vedtekne reduksjonar i perioden | 7,7 mill. |
| Korrigering / avvik | 0,2 mill. |
| Meirforbruk 2022 | 4,5 mill. |
| Sum | 12,4 mill. |

I tillegg til dette bør kommunen styrka sin økonomiske reserve i budsjettet for å kunne handtera endringar i brukarbehov som skjer i løpet av driftsåret.

For å få dette til må ein truleg ta i bruk kombinasjonar av verkemiddel ein har, til dømes:

- Vurdera grunnbemanning
- Strukturelle endringar
- Omstille og effektivisere
- Slutte med visse tenester
- Kunnskapsbasert vurdering om tenestene er verknadsfulle.
- Sikra kommunens inntektsgrunnlag særleg knytt til ressurskrevjande brukarar og tilskot til tenester.
- Auke inntekter (eigedomsskatt, auka brukarbetalingar, havbruksfond)

Administrasjonen har sett i gang eit arbeid for å vurdere organisasjonsstrukturen i høve til utfordringane Fitjar kommune har.

## Skulebruksplanen

I Fitjar har skulebruksplanen tradisjonelt sett hatt eit noko breiare innhald enn andre kommunar. Dette er grunna at ein ikkje har hatt ein eiga plan for pedagogisk utvikling og systemarbeid. I 2015 laga Skulekontoret ein kvalitetsplan for Fitjarskulen for perioden 2015 – 2018. Denne skal no reviderast saman med skulebruksplanen, og ein ser i så måte at ein vil gjere skulebruksplanen noko mindre med tanke på pedagogisk innhald, men at dette vert godt beskriven i ein kvalitetsplan. Ein ser for seg at desse to planane skal følgje kvarandre med tanke på revidering framover.

Det vart lagt ut eit saksframlegg i utval for oppvekst og omsorg den 13.02.2018. Planen vart vedteken og ein set seg som mål at ny skulebruksplan for perioden 2019 – 2023 vert lagt fram for utval og kommunestyret i november 2018. Då vil ein ha ny lærarnorm vedteken frå Stortinget og ein vil sjå konturane av ny læreplan som kjem i løpet av 2018.

I saksframlegget gjer ein føringar for innhald i ny skulebruksplan, samt eit fokus på elev- og foreldremedverknad.

## Overordna føringar for skulebruksplanen

Dei overordna føringane for skulebruksplanen er Opplæringslova med tilhøyrande forskrifter, samt ei rekkje støttande lovverk t.d. Barnekonvensjonen, Menneskerettigheitane og Rammeplan for barnehager med tanke på samarbeid med skulen og overgang barnehage og skule.

## Prosess og medverknad

Planen har vore utarbeidd av skulekontoret i samarbeid med skuleleiarane. Ein har ikkje hatt eksterne aktørar inni i arbeidet med planen, slik ein del andre kommunar gjer. Utvalet har vore orientert om arbeidet undervegs.

Ein har hatt planutkast på høyring i ulike foreldreutval og delar av planen på høyring i elevråda og ungdomsrådet.

For kommunen har det vore viktig at tilsette, foreldre og elevar fekk medverke i prosessen på utarbeiding og innhald i ny skulebruksplan for perioden 2019 - 2024.

Foreldre fekk medverke på følgjande måte:

- **Våren 2018**

  Informasjon frå Skulekontoret om skulebruksplan og arbeid med ny i samarbeidsutvalsmøte på dei enkelte skulane. SU tek dette med tilbake til FAU og ein kan her komme med innspel som skuleleiarane tek med tilbake til månadlege leiarmøte i kommunen.
- **August 2018**

  Felles informasjonsmøte for alle innbyggarar i Fitjar kommune om ny skulebruksplan 3 veker før høyringsfrist på planen.

Elevar fekk medverke på følgjande måte:

- **Våren 2018**

  Informasjon frå Skulekontoret om skulebruksplan og arbeid med ny i samarbeidsutvalsmøte på dei enkelte skulane. Elevane som er representert i utvalet tek med seg informasjon til elevråd som kan komme med innspel til ny skulebruksplan gjennom elevrådet. Elevrådet kan bestemme om dei ynskjer å ha dette som tema i dei ulike klassane.
- **Våren og hausten 2018**

  Skulekontoret vitjar og informerer ungdomsrådet om arbeidet med ny skulebruksplan våren 2018 og tek ein gjennomgang av utkastet på hausten før høyringsfristen. Ungdomsrådet kan komme med innspel direkte til utvalet for oppvekst og omsorg eller skulekontoret.
- **August / sept. 2018**

  Elevane kan delta på felles informasjonsmøte og komme med innspel til høyringsfristen. Ein kan nytte elevrådet eller ungdomsrådet som organ for høyringssvar.

Tilsette i skulane fekk medverke på følgjande måte:

- **Månadleg mars – oktober 2018**

  Skuleleiarane får informasjon og deltek i prosessen gjennom månadlege leiarmøte i kommunen med skulekontoret. Informasjon frå desse møtepunkta skal takast tilbake i eiga eining.
- **Mars 2018**

  Skulekontoret vitjar alle skulane i fellestid og tek ein gjennomgang av planen for arbeidet og nokon av utviklingsmåla.

- **4.juni**

  Fellesmøte for alle tilsette i skulane med informasjon om:
  - Hovudlinjene i planen
  - Administrasjonen si innstilling
  - Eventuelle personalmessige konsekvensar ved dei ulike alternativa som vert omtala i planen.

- **3.september 2018**

  Opent møte om ny skulebruksplan for alle interesserte i kommunen. Her vil rådmann og skulekontoret stå saman for presentasjonen av ny skulebruksplan.

Tillitsvalte frå Utdanningsforbundet og Fagforbundet har vore delaktig i prosessen:

- Utdanningsforbundet
  - Deltek på leiarmøte for skuleleiarane og har fått informasjon jamleg gjennom desse møtepunkta og har hatt moglegheit til å komme med innspel her.
  - Drøftingsmøter med Skule-/Oppvekstsjefen kvar veke
- Fagforbundet og Utdanningsforbundet har delteke på ein del møtepunkt med administrasjonen på Rådhuset.
- Delteke på interne førebuande møter og opne møter (utvida OO).
- Tillitsvalde har fått tilsendt utkast på e-post.

Folkemøte for alle krinsane måndag 3. september i kultur og idrettsbygget

- Høyringsfrist 17. september 2018



# Lokale utviklingsmål for Fitjarskulen

Samfunnet har vore i endring dei siste åra som har gitt nokon nye nasjonale føringar for utviklingsmål som påverkar Fitjarskulen sine lokale mål. Ein har vidareført ein del av måla frå dei tidlegare skulebruksplanane, og lagt til nokon nye omgrep og mål retta mot dei utviklingsstrategiane ein satsar på nasjonalt og kommunalt:

- Skulen i Fitjar skal medverka til at elevane blir fagleg og sosialt kompetente menneske som er førebudde til å leva og arbeida i framtidssamfunnet
- Skulen skal leggja vekt på å ha gode samarbeidsrelasjonar i høve til heimen
- Skulen skal være open mot samfunnet og leggja vekt på informasjon, samarbeid, inkludering og medverknad
- Skulen skal kontinuerleg arbeide for å hindre alle formar for krenkingar av det einskilde barnet
- Skulesektoren skal på alle nivå være oppteken av å kvalitetssikra opplæringa og være i ein kontinuerleg utviklingsprosess

Som rammefaktorar for alt utviklingsarbeid er det naudsynt å setje av tid, ressursar og gode moglegheiter for kompetanseheving. Arbeidet må så langt det let seg gjera byggjast på forskingsbasert kunnskap. Alle ledd i organisasjonen må tilpassa seg dette, og alt utviklingsarbeid må sjåast i ein horisont på 3 – 5 år for å sikre ei god forankring i organisasjonane.

## Elevane sitt læringsmiljø

Hausten 2017 kom det ei endring i Opplæringslova § 9A som seier:

*Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.*

Fitjar kommune har følgjande satsingar for førebyggjande tiltak:

- Inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Hindre alle formar for krenkingar, jf. § 9A i Opplæringslova
- Tidleg innsats fagleg og psykososialt

## Grunnleggjande ferdigheiter

Læreplanverket definerer fem grunnleggjande ferdigheiter: lesing, skriving, rekning, munnlege og digitale ferdigheiter. Desse ferdigheitene er ein del av den faglege kompetansen og naudsynte reiskapar for læring og fagleg forståing. Dei er også elementære for utviklinga av eleven si identitet og sosiale relasjonar, og for å kunne delta i utdanning, arbeid og samfunnsliv.

- Matematikkplan (2017)
- Leseplan (2015)
- Tidleg innsats

## Ny overordna del og nye fagplanar

Ny overordna del og fagfornying er no på trappene, og det skal være tre gjennomgåande tema i alle fag.

*«Skolen skal legge til rette for læring innenfor de tre tverrfaglige temaene folkehelse og livsmestring, demokrati og medborgerskap, og bærekraftig utvikling.»*

- Implementering av ny overordna del
  *«Den overordna delen beskriver det grunnsynet som skal prege pedagogisk praksis i heile grunnopplæringa. Den skal også ligge til grunn for samarbeidet mellom heim og skule. Overordna del tydeleggjer skulen og lærebedrifta sitt ansvar for danning og for utvikling av*

*kompetansen til alle deltakarar i grunnopplæringa. Alle som arbeidar i grunnopplæringa, må la dette grunnsynet prege planlegginga, gjennomføringa og utviklinga av opplæringa.»*

*Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen s.3*

- Implementering av nye fagplanar

  Nye fagplanar skal være ferdig til skulestart hausten 2020.

  *«Målet er å styrke utviklingen av elevenes dybdelæring og forståelse. Verdigrunnlaget skal løftes fram i læreplanene, og elevene skal blant annet jobbe tverrfaglig med demokrati og medborgerskap, bærekraftig utvikling og folkehelse og livsmestring.»*

  https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagfornyelsen/hva-er-fornyelse-av-fagene/

## Kvaliteten i elevane sitt læringsutbyte

*«…den positive sammenhengen mellom foreldresamarbeid og barn og unges faglige utvikling er den samme om man måler karakterer, resultat på standardiserte prøver eller lærernes kvalitative vurdering av den faglige utviklingen, noe som tyder på en robust sammenheng.»*

https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/samarbeid/hjem-skole-samarbeid/samarbeidet-mellom-hjem-og-skole/betydningen-av-skole-hjem-samarbeid/

Skuleeigar har fokus på at skulane har god nok kunnskap om og fokus på føresetnadar for elevane sitt læringsutbyte. Dette gjer ein gjennom:

- Årleg tilstandsrapport til kommunestyret
- Årlege dialogmøter på skulane
- Kompetanseheving av personalet
- IKT plan

## Skulebasert vurdering

Læreplanverket gjev føringar for skulen sitt arbeid med elevane sin faglege, sosiale og kulturelle kompetanse og trivsel. Alle desse måla inngår i den skulebaserte vurderinga. I Fitjar kommune nyttar me følgjande for å fokus på skulebasert vurdering:

- Målsetjingar i Skulebruksplanen og Kvalitetsplan
- Nasjonale prøvar
- Elevundersøkinga
- ReFlex
- Ståstadsanalysen
- Foreldreundersøkinga



«Eg byggjer meg ein båt»

Kommunen som skuleeigar skal framleis vidareutvikle dialogmøta på skulane kvart år, kor ein etterspør kvaliteten i det arbeidet som vert utført på den enkelte skule. Dialogmøta er meir beskriven i Kvalitetsplanen.

Rektorane på kvar av skulane skal syta for at det vert gjennomført skulebasert vurdering og at det skal gjennomførast skulevandring på den enkelte skule.

# Skulefakta Fitjar kommune

Fitjar kommune har 3 skular:

- Selevik, elevar frå 1.-7.trinn
- Øvrebygda, elevar frå 1.-7.trinn
- Rimbareid, elevar frå 1.-10.trinn.

Elevar frå grendaskulane byrjar på Rimbareid skule på ungdomsskulen slik skulestrukturen er per i dag.

Oversyn over elevtal dei kommande åra med eksisterande skulestruktur. Talgrunnlag er frå Folkeregisteret per 01.01.2018.

| Totalt elevtal i Fitjar kommune i perioden 2019 – 2023 | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skular | **Rimbareid** | | **Øvrebygda** | | **Selevik** | | **Totalt tal elevar i kommunen** |
| | Elevtal | K | Elevtal | K | Elevtal | K | |
| 2018 - 2019 | 378 | 19 | 56 | 4 | 29 | 3 | **463** |
| 2019 - 2020 | 358 | 18 | 59 | 4 | 31 | 3 | **448** |
| 2020 - 2021 | 342 | 18 | 58 | 4 | 30 | 3 | **430** |
| 2021 - 2022 | 340 | 19 | 52 | 4 | 32 | 3 | **424** |
| 2022 - 2023 | 330 | 18 | 53 | 4 | 32 | 3 | **415** |
| 2023 - 2024 | 329 | 18 | 48 | 4 | 31 | 3 | **408** |

Det fins ingen nasjonalt rettleiar for delingstal i skule.

Opplæringslova § 8-2.
*«Organisering av elevane i klassar eller basisgrupper*
*I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.*

*Klassen eller basisgruppa skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærarar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld klassen eller basisgruppa og dei elevane som er der, mellom anna kontakten med heimen.»*

Ein har eit uformelt delingstal på klassane i Fitjar kommune. For fulldelte skular har ein følgjande delingstal:

- 1.-7.trinn 28 elevar per klasse
- 8.-10.trinn 30 elevar per klasse

For fådelte skular gjelde det følgjande i Fitjar kommune:

- Ved 2.trinn i ein klasse er delingstalet 24 elevar
- Ved 3.trinn i ein klasse er delingstalet 18 elevar

Ein presentasjon av arealnorm for 5 skular finn ein her:
http://www.skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no/uploads/Artikler_vedlegg/Sammenligning_grunnskoleareal2015.pdf

## Rimbareid skule

<table>
<tr><th>Skulefakta</th><th>Informasjon</th></tr>
<tr><td>Standard</td><td>Rimbareid skule blei i 2014 ferdigstilla etter ombygging. Dei fekk ei ny fløy med nye klasserom, kantine, læringssenter, amfi, spesialrom for naturfag / mat og helse, og nytt personalrom.<br><br>Ein ser at bygningsmassen framleis er i god stand, men at den gamle gymsalen treng oppgradering med tanke på garderobar, golv i hallen og gjere den til eit bygg med universell utforming. Kostnad ca 5.000.000,-.<br><br>Ungdomsskulen feira hausten 2017 50 år.</td></tr>
<tr><td>Kapasitet</td><td>Skulen har nok kapasitet til det elevtalet ein har i dag og ser for seg ved eksisterande skulestruktur, og dei fleste klassetrinna vil ha to klassar som i dag. Dersom ein skal overføre elevar frå dei andre skulane før 8.trinn må ein vurdere ei viss utbygging av eksisterande lokalar.</td></tr>
<tr><td>Tal tilsette</td><td><table>
<tr><th>Tilsette/ressurs</th><th>Rimbareid</th></tr>
<tr><td>Tal lærarårsverk</td><td>41,3</td></tr>
<tr><td>Av dette administrasjon</td><td>2,2 (rektor og inspektørar)</td></tr>
<tr><td>Merkantil ressurs</td><td>0,75</td></tr>
<tr><td>Assistentar og leiar SFO</td><td>7,4</td></tr>
<tr><td></td><td></td></tr>
</table></td></tr>
<tr><td>Økonomi</td><td>Budsjettmessig utvikling  i perioden 2014 – 2018 (totalbudsjett – byggkostnadar (forsikring straum vedlikehald), reinhald og skyss)<br><br><table>
<tr><th>Skule</th><th>2014</th><th>2015</th><th>2016</th><th>2017</th><th>2018</th></tr>
<tr><td>Rimbareid</td><td>33,4 mill</td><td>34,1 mill</td><td>34,8 mill</td><td>35,6 mill</td><td>36,7 mill</td></tr>
</table><br><u>Kostnadar pr. elev:</u><br>Tek då utgangspunkt i budsjettet for 2018:<br>Rimbareid skule: Samla kostnad 36,7 mill : 380 elevar. Kr 96.579,-</td></tr>
<tr><td>Universell utforming</td><td>Rimbareid skule har universell utforming. Det er heis på skulen slik at rørslehemma kan koma seg opp og ned mellom etasjane. Det er fins også løftebord på dei ulike spesialromma slik som t.d. naturfag og mat og helse.</td></tr>
</table>

### Elevtalsutvikling og klassar dei kommande åra

Utviklinga synar at elevtalet vil halde seg nokon lunde stabilt på 1.-7.trinn og mogleg minka noko på ungdomstrinnet dei første åra, før det så legg seg meir stabilt mot slutten av planperioden. Men ein ser at tal for deling av klassane på nokon av trinna vil liggje i grenseland.

Her får ein eit oversyn over tal elevar på dei ulike trinn og tal klassar i perioden 2019 – 2023. Her vil mogleg også lærarnorma gje nokon utslag.

Ein ser av tala at elevtalet vil gå nedover og stabilisere seg rundt 330 + / -, og tal klassar vil være stabilt heile vegen på 18 – 19 klassar.

Her ser ein tal elevar for planperioden.




Nedanfor ser ein tal elevar med tal klassar for planperioden. Talgrunnlag er frå Folkeregisteret per 01.01.2018.

| | 2018-2019 | | 2019-2020 | | 2020-2021 | | 2021-2022 | | 2022-2023 | | 2023-2024 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Trinn** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** |
| **1.trinn** | 30 | 2 | 23 | 1 | 31 | 2 | 30 | 2 | 25 | 1 | 31 | 2 |
| **2.trinn** | 27 | 2 | 30 | 2 | 23 | 1 | 31 | 2 | 30 | 2 | 25 | 1 |
| **3.trinn** | 34 | 2 | 27 | 2 | 30 | 2 | 23 | 1 | 31 | 2 | 30 | 2 |
| **4.trinn** | 34 | 2 | 34 | 2 | 27 | 2 | 30 | 2 | 23 | 1 | 31 | 2 |
| **5.trinn** | 24 | 1 | 34 | 2 | 34 | 2 | 27 | 2 | 30 | 2 | 23 | 1 |
| **6.trinn** | 38 | 2 | 24 | 1 | 34 | 2 | 34 | 2 | 27 | 2 | 30 | 2 |
| **7.trinn** | 35 | 2 | 38 | 2 | 24 | 1 | 34 | 2 | 34 | 2 | 27 | 2 |
| **8.trinn** | 47 | 2 | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 | 43 | 2 | 50 | 2 |
| **9.trinn** | 57 | 2 | 47 | 2 | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 | 43 | 2 |
| **10.trinn** | 52 | 2 | 57 | 2 | 47 | 2 | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 |
| **Totalt** | 378 | 18 | 358 | 17 | 342 | 17 | 340 | 18 | 330 | 17 | 329 | 17 |

### Kva betyr den enkelte skule i sitt nærmiljø?

Rimbareid skule er sentralskulen i bygda og litt fint plassert høgt i terrenget opp mot Klostergarden og Rimsvarden. Her er utsikt over bygda og utover sjøen mot ope hav.

For lokalmiljøet spelar Rimbareid skule ein viktig rolle. Noko ligg i rolla som flaggskip på skulefronten for heile kommunen. Samtidig har skulen ei rolle som krinsskule på same måten som dei andre skulane i bygda.

Det skjer mykje positivt i det daglege samarbeidet mellom lærarar og føresette, det kan handla om både faglege utfordringar og sosiale tema. Mange foreldre engasjerer seg som klassekontaktar eller representantar til råd og utval. Det blir arrangert turar og utedagar, sosiale samkome og aktivitetsdagar med ulikt innhald. Føresette blir inviterte til elevkveldar, musikalske framsyningar,

sosiale mattekveldar og foreldremøte med ulike tema. I tillegg er det vanleg standard samarbeid i utviklingssamtalar og klasseforeldremøte. Me har dessutan både leksehjelp og ei stor og aktiv SFO-avdeling. Alt dette er med å byggja opp under skulen sin viktige rolle i lokalmiljøet.

I tillegg er skulen ein samlingsplass for idrett og musikk på ettermiddag og kveldstid. Både basseng og gymsal blir flittig brukt. Musikkskulen øver i musikkavdelinga og har framsyningar i fellesområda. Kulturskulen nyttar Klokkargarden til teikning og maling. Her har me også fått eit skulemuseum. I ein del samanhengar blir skulen også nytta som festlokale, t.d. ved konfirmasjonar. Det er heller ikkje sjeldan at lokala vert utlånte til kor og korps som treng øvingslokale.

Hovudbiletet er at skulen syder av aktivitet frå morgon til kveld. Dette er også det synlege beviset på at skulen har ein stor og viktig plass i lokalmiljøet, både i rolla som sentralskule og som krinsskule for Rimbareid krins.




Førestilling Kardemommeby, Rimbareid skule

# Øvrebygda skule

<table>
<tr><th>Skulefakta</th><th>Informasjon</th></tr>
<tr><td>Standard</td><td>Øvrebygda skule har delvis ein god bygningsmasse. Undervisningsromma har bra kvalitet. Arbeidsrommet for lærarane er for lite og må oppgraderast, og ein treng nytt ventilasjonsanlegg i administrasjonsfløya. Dette vil også omfatte romma til Lærarane. Den eldste bygninga er frå 1939 og vart renovert i 1984. Bygget er såleis over 30 år og treng oppussing/renovering dei næraste åra. Det er behov for nye vindu, skifte av golv, maling av veggar og mogleg byte av nokon dører.</td></tr>
<tr><td>Kapasitet</td><td>Skulen har god kapasitet til å ta imot dei borna som soknar til skulen dei komande åra. Skulen har plass til å ta imot fleire elevar enn ein har idag.</td></tr>
<tr><td>Tal tilsette</td><td>
<table>
<tr><th>Tilsette/ressurs</th><th>Øvrebygda</th></tr>
<tr><td>Tal lærarårsverk</td><td>7,6</td></tr>
<tr><td>Av dette administrasjon</td><td>0,62 rektor</td></tr>
<tr><td>Merkantil ressurs</td><td>0,11</td></tr>
<tr><td>Assistentar og leiar SFO</td><td>1,36</td></tr>
<tr><td></td><td></td></tr>
</table>
</td></tr>
<tr><td>Økonomi</td><td>Budsjettmessig utvikling for dei ulike skulane i perioden 2014 – 2018<br>(totalbudsjett – byggkostnadar (forsikring straum vedlikehald), reinhald og skyss)
<table>
<tr><th>Skule</th><th>2014</th><th>2015</th><th>2016</th><th>2017</th><th>2018</th></tr>
<tr><td>Øvrebygda</td><td>6,1 mill</td><td>6,4 mill</td><td>6,4 mill</td><td>6,8 mill</td><td>7,0 mill</td></tr>
</table>
<u>Kostnadar pr. elev:</u><br>Tek då utgangspunkt i budsjettet for 2018:<br>Øvrebygda skule: Samla kostnad 7,0 mill : 55 elevar. Kr 127.273,-.<br><br>Vedlikehaldsutgifter
<table>
<tr><th>Øvrebygda</th><th></th></tr>
<tr><td>Reinhald</td><td>400 000</td></tr>
<tr><td>Kommunale avgifter</td><td>15 000</td></tr>
<tr><td>Reparasjonar, serviceavtalar, forbruksmateriell m.m.</td><td>90 000</td></tr>
<tr><td>Forsikring</td><td>12 812</td></tr>
<tr><td>Straum</td><td>154 470</td></tr>
<tr><td>Totalt</td><td>672 282</td></tr>
</table>
</td></tr>
<tr><td>Universell utforming</td><td>Delar av bygget har universell utforming. Den gamle delen går over fleire etasjar og her har ikkje rullestolbrukarar mogelegheit til å koma seg fram.</td></tr>
</table>

## Elevtalsutvikling og klassar dei kommande åra

Øvrebygda skule er ein fådelt skule med 4 klassar, fordelt på 1. – 2., 3. – 4., 5. – 6. og 7.klasse. Elevtalsutviklinga for skule dei neste åra variera noko, men held seg med ca 50 + / - tal elevar.

Her ser ein tal elevar for planperioden.




Nedanfor ser ein tal elevar med tal klassar for planperioden. Talgrunnlag er frå Folkeregisteret per 01.01.2018.

| | 2018-2019 | | 2019-2020 | | 2020-2021 | | 2021-2022 | | 2022-2023 | | 2023-2024 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Trinn** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** |
| **1.trinn** | 6 | 1 | 10 | 1 | 6 | 1 | 5 | 1 | 5 | 1 | 7 | 1 |
| **2.tirnn** | 9 | | 6 | | 10 | | 6 | | 5 | | 5 | |
| **3.trinn** | 12 | 1 | 9 | 1 | 6 | 1 | 10 | 1 | 6 | 1 | 5 | 1 |
| **4.trinn** | 4 | | 12 | | 9 | | 6 | | 10 | | 6 | |
| **5.trinn** | 11 | 1 | 4 | 1 | 12 | 1 | 9 | 1 | 6 | 1 | 10 | 1 |
| **6.trinn** | 7 | | 11 | | 4 | | 12 | | 9 | | 6 | |
| **7.trinn** | 7 | 1 | 7 | 1 | 11 | 1 | 4 | 1 | 12 | 1 | 9 | 1 |
| **Totalt** | 56 | 4 | 59 | 4 | 58 | 4 | 52 | 4 | 53 | 4 | 48 | 4 |

## Kva betyr den enkelte skule i sitt nærmiljø?

Øvrebygda skule er eit viktig samlingspunkt i bygda. Då skulen blei påbygt i 1994, var det me stor grad av engasjement frå bygda. Øvrebygda Vel var ein aktiv bidragsytar slik at ein fekk bygt bygdekjøken, og der kommunen kjøpte inn bord og stolar til rundt 120 personar. Det blei kjøpt inn dekketøy og kjøkenbestikk for å arrangera større arrangement for bygda. Dette blei gjort av innsamla midlar gjennom «Koneklubben» i bygda.



Grand Prix 2018, Øvrebygda skule

Gymnastikksalen har ført til stor aktivitet på ettermiddagane, og gymsalen vert også brukt enkelte helger til ulike arrangement som barnedåp, åremålsdagar, konfirmasjon m.m.

Gymnastikksalen er i bruk kvardagane mellom kl. 17-21 fire dagar i veka.
Fitjar Shotokan karateklubb har all si trening i gymnastikksalen, og er ei aktiv gruppe som hevdar seg på nasjonalt nivå. Dei har tre treningar i gymsalen kvar veke. I tillegg har ein volleyballtrening, gubbetrim og handballtrening.
4-H er svært aktive her i bygda, og bruker skulen til aktivitetar.
Det blir arrangert større festar i gymsalen som 17.mai, Sommarfest for heile skulen, Kveldasete, 4-H haustfest og juletrefest. I tillegg nyttar ein skulen som møteplass for ulike møte i bygda. Skulen har eit stort uteområde som er populært å nytta på ettermiddag med ballbinge og fotballplass.

Skulen er samlingspunktet for heile bygda sjølv om ein også har bedehus som har møte for dei som ynskjer å gå dit. I dag er skulen einaste møteplassen for heile bygda.



Kveldasete, Øvrebygda skule

## Selevik skule

<table>
<tr><th>Skulefakta</th><th>Informasjon</th></tr>
<tr><td>Standard</td><td>Selevik skule har ein god bygningsmasse. Undervisningsromma har god kvalitet. Skulekjøkkenet blei oppgradert i 2017.</td></tr>
<tr><td>Kapasitet</td><td>Skulen har god kapasitet til å ta imot dei barna som soknar til skulen dei komande åra. Skulen har plass til å ta imot fleire elevar enn dei har per idag.</td></tr>
<tr><td>Tal tilsette</td><td>
<table>
<tr><th>Tilsette/ressurs</th><th>Selevik</th></tr>
<tr><td>Tal lærarårsverk</td><td>4,9</td></tr>
<tr><td>Av dette administrasjon</td><td>0,48 rektor</td></tr>
<tr><td>Merkantil ressurs</td><td>0</td></tr>
<tr><td>Assistentar og leiar SFO</td><td>0,44</td></tr>
</table>
</td></tr>
<tr><td>Økonomi</td><td>
Budsjettmessig utvikling  for dei ulike skulane i perioden 2014 – 2018 (totalbudsjett – byggekostnadar (forsikring straum vedlikehald), reinhald og skyss)
<table>
<tr><th>Skule</th><th>2014</th><th>2015</th><th>2016</th><th>2017</th><th>2018</th></tr>
<tr><td>Selevik</td><td>4,2 mill</td><td>4,1 mill</td><td>3,9 mill</td><td>4,5 mill</td><td>4,2 mill</td></tr>
</table>
<u>Kostnadar pr. elev:</u><br>
Tek då utgangspunkt i budsjettet for 2018:<br>
Selevik skule: Samla kostnad 4,2 mill : 31 elevar. Kr 135.484,-<br>
<br>
Vedlikehaldskostnadar
<table>
<tr><th>Selevik</th><th></th></tr>
<tr><td>Reinhald</td><td>191 100</td></tr>
<tr><td>Kommunale avgifter</td><td>15 000</td></tr>
<tr><td>Reparasjonar, serviceavtalar, forbruksmateriell m.m.</td><td>30 000</td></tr>
<tr><td>Forsikring</td><td>4 126</td></tr>
<tr><td>Straum</td><td>75 428</td></tr>
<tr><td>Totalt</td><td>315 654</td></tr>
</table>
</td></tr>
<tr><td>Universell utforming</td><td>Delar av bygget har universell utforming. Det gamle bygget går over fleire etasjar og her har ikkje rullestolbrukarar mogelegheit for å koma seg fram. Nybygget har universell utforming, men ikkje toalett. Det er vanskeleg å koma inn i gamlebygget for rullestolbrukarar, men der er handicaptoalett.</td></tr>
</table>

## Elevtalsutvikling og klassar dei kommande åra

Elevtalsutviklinga ved Selevik skule held seg stabilt kring 30 +/- tal elevar dei kommande åra. Ein har framleis grunnlag for å ha fådelt skule, og dei 3 klassane er fordelt på ein slik måte 1. – 2., 3. – 4., og 5. – 7.klasse. Ein ser at det gjerne er eit stort fagleg sprik for 5.-7.klasse, men ein har ikkje grunnlag for ei anna deling slik elevtalet er i perioden.



Her ser ein tal elevar for planperioden.




Nedanfor ser ein tal elevar og tal klassar for planperioden. Talgrunnlag er frå Folkeregisteret per 01.01.2018.

| | 2018-2019 | | 2019-2020 | | 2020-2021 | | 2021-2022 | | 2022-2023 | | 2023-2024 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Trinn** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** |
| **1.trinn** | 3 | 1 | 4 | 1 | 2 | 1 | 6 | 1 | 5 | 1 | 3 | 1 |
| **2.trinn** | 8 | | 3 | | 4 | | 2 | | 6 | | 5 | |
| **3.trinn** | 4 | 1 | 8 | 1 | 3 | 1 | 4 | 1 | 2 | 1 | 6 | 1 |
| **4.trinn** | 5 | | 4 | | 8 | | 3 | | 4 | | 2 | |
| **5.trinn** | 4 | 1 | 5 | 1 | 4 | 1 | 8 | 1 | 3 | 1 | 4 | 1 |
| **6.trinn** | 3 | | 4 | | 5 | | 4 | | 8 | | 3 | |
| **7.trinn** | 2 | | 3 | | 4 | | 5 | | 4 | | 8 | |
| **Totalt** | 29 | 3 | 31 | 3 | 30 | 3 | 32 | 3 | 32 | 3 | 31 | 3 |

## Kva betyr den enkelte skule i sitt nærmiljø?

Skulen er samlingspunktet i bygda, og fungerer som bygdas grendahus. Skulen vert brukt til møteverksemd etter skuletid av bl.a. Dåfjorden velforening, Dåfjorden næringsforum, Båtlaget, FAU og SU. Julemesse, dåp og konfirmasjonar.

FAU arrangerer: Bygdekafè/strikkekafè for vaksne, og diskotek, halloweenfest, FIFA-cup for elevane.

FAU arrangerer òg «Julefest» og «Sommarfest» (saman med skulen), der alle foreldre/besteforeldre er invitert. Skulen arrangerer «Open dag», der alle som bur i Dåfjorden kan koma.

Fotballbanen/volleyballbanen/basketballbanen er i bruk til treningar på ettermiddagar/kveldar, og helgar. Desse faktorane er også viktig i ei vurdering av dei ulike alternativa.



## Fitjar kulturskule

| Skulefakta | Informasjon |
|---|---|
| Standard | Fitjar kulturskule er lokalisert i dei nye lokala til Rimbareid barne- og ungdomsskule, administrasjonen til kulturskulen og all song - og instrumentalundervisning er lagt til desse lokala. Lokala er godt egna til formålet. Undervisning i dans, drama/teater og Fitjar skulekorps er lagt til Fitjar kultur og idrettsbygg (FKIB). Visuelle kunstfag er å finna i Klokkargarden. Både FKIB og Klokkargarden er godt egna til formålet. |
| Kapasitet | Rett i underkant av 30% alle grunnskuleelevar i Fitjar kommune er elevar i Fitjar kulturskule. Nasjonal målsetting er 30% dekningsgrad. Elevtalet varierer naturleg nok lite grann, men ein har til tross for nedgong på nasjonalt plan sett ei lita auke i elevtalet på Fitjar dei siste månadane. Kulturskulen har ikkje kapasitet til å gje tilbod til alle søkjarar, då det er særskilt stort press på enkelte tilbod. Det er til ei kvar tid om lag 20 elevar på venteliste til dei ulike tilboda. Dette er ei blanding av elevar som har eit tilbod frå før og fyrstegongssøkjarar. |
| Tilsette | Våren 2018 har kulturskulen om lag 2,6 årsverk fordelt på 9 tilsette. Kulturskulen kjøper pr i dag tenester frå Bømlo knytt til dans, og Stord knytt til messinginstrument/Fitjar skulekorps. 2 av lærarane er difor tilsett i andre kommunar, men innberekna i totale årsverk. |
| Økonomi | Budsjettmessig utvikling for dei ulike skulane i perioden 2014 – 2018 (totalbudsjett – byggkostnadar (forsikring straum vedlikehald), reinhald og skyss)<br><br>**Skule** / **2014** / **2015** / **2016** / **2017** / **2018**<br>**Kulturskulen** / 1,1 mill / 1,2 mill / 1,5 mill / 1,5 mill / 1,6 mill |
| Tilbod | Kulturskulen tilbyr undervisning i band-samspel, dans, drama/teater, el-bass, fiolin, gitar, piano, song, slagverk, visuelle kunstfag, samt all opplæring til Fitjar skulekorps.<br>I tillegg har kulturskulen «Musikkleik» for førskuleborn, dette tilbodet er organisert i samarbeid med alle barnehagane i kommunen.<br>Fitjar kulturskule ynskjer å vera eit kulturelt ressurssenter for kommunen, og samarbeider med skular og andre institusjonar ved ulike høve. |

### Elevtalsutvikling

| Årstal | Tal elevar | Tal elevplassar | Venteliste til ulike tilbod | Venteliste elevplassar |
|---|---|---|---|---|
| **2014** | 158 | 181 | 24 | 59 |
| **2015** | 145 | 173 | 39 | 38 |
| **2016** | 131 | 157 | 22 | 22 |
| **2017** | 128 | 158 | 18 | 20 |

I tillegg ca. 45 barn frå barnehagane, «Musikkleik» kvart år.

### Elevbetaling

Elevavgifta er pr. 01.01.2018 1.473,- per semester. Det er søsken/plassmoderasjon på 30%. Fitjar kulturskule ligg lågare enn nabokommunane når det gjeld elevavgift, noko som er særs positivt for elevane i Fitjar kommune.

### Konsertar, framsyningar og utstillingar

Kulturskulen ser på konsertar, framsyningar og utstillingar som ein del av undervisinga og legg til rette for at alle elevar skal få delta i slike produksjonar.

### Tenesteomtale

Kulturskulen har utarbeida ein tenestomtale der visjonen er *«Fitjar kulturskule skal vera ein kulturell ressurs for alle i Fitjar kommune».*

### Opplæringslova og rammeplan

Opplæringslova seier ***i § 13-6.*** *Musikk- og kulturskoletilbod:*

*«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge.»*

I 2016 kom «Mangfold og fordyping», den nye rammeplanen for kulturskulen. Denne rammeplanen er politisk vedteken i Fitjar kommune, og kulturskulen har gjennom vegleiing frå Norsk kulturskuleråd kome godt i gong med implementering av planen. Vegleiingsprosjektet, i samarbeid med dei andre Sunnhordlandskommunane, vert avslutta 03.05.18, og per i dag er Fitjar kulturskule i gong med utarbeiding av eigne lokale læreplanar.

### Utviklingsplan

Fitjar kulturskule arbeider ut i frå vedteken «Utviklingsplan for Fitjar kulturskule, 2012 – 2015, «Kulturskule for alle». Planen er under revidering og skal vera ferdigstilt innan utgongen av 2018.

Kulturskulen har hatt eit breitt, stabilt og godt tilbod dei siste åra, og ser at hovudfokus framover vil vera å sikra drifta på dette nivået. Samtidig arbeidar ein med å finna gode løysingar og utnytting av ressursane slik at fleire elevar kan få plass ved skulen. Ein ser stort behov for synleggjering og aktivt rekrutteringsarbeid for å halde på og ta vare på det store og gode tilbodet ein har i kulturskulen pr i dag. Kulturskulen ynskjer og å knytte nærare kontaktar med grunnskulen og SFO tilbodet i Fitjar kommune.



## Vaksenopplæringa

| Skulefakta | Informasjon |
|---|---|
| **Standard** | Vaksenopplæringa i Fitjar kommune held til i Fitjar kultur- og idrettsbygg. Vaksenopplæringa har to klasserom tilgjengeleg i bygget, samt eit arbeidsrom for dei to tilsette. Bygget er av god stand og ein har gode forhold for læring. |
| **Kapasitet** | Det er god kapasitet på ved vaksenopplæring og ein har plass til fleire elevar enn ein har per i dag. |
| **Økonomi** | 2015 kr. 440.000,-<br>2016 – kr. 138.000,-<br>2017 – kr. 192.000,-<br>2018 kr. 387.000,-<br>Raude tal betyr meir inntekter enn utgifter. |
| **Universell utforming** | Bygget er universelt utforma og ein har tilgong til heis mellom etasjane i bygget. |

### Elevtalsutvikling

Vaksenopplæring er i dag 19 elevar fordelt på to klassetrinn etter språknivå, A1 og A2-B1. Det er også 5 elevar på Stord vidaregåande skule for innføringsklasse og 2 av elevane er i svangerskapspermisjon.

Det er 12 busette flykningar og resten er andre innvandrarar som treng norskopplæring.

Det er no stopp på mottak av flyktningar i dei mindre kommunane. Frå hausten 2019 vil det, slik me ser stoda no, ikkje vera vaksenopplæring på Fitjar. Ein vil evt kjøpa plass til dei som enno er i introduksjonsprogrammet.



# Skulestruktur i planperioden

## Økonomiske utfordringar

Kommuneøkonomi er-den store utfordringa i arbeidet med skulebruksplanen. Administrasjonen har fått eit mandat på å lage ein skulebruksplan kor ein ser på ulike alternativ for skulestruktur dei kommande åra. Før endeleg skulebruksplan skal vedtakast skal den ut på høyring, og ein håpar på eit breitt engasjement frå bygdefolket (gode innspel) og tillitsvalde slik at ein til slutt kan vedta ein skulestruktur som framleis gir barn og unge eit kvalitativt godt skuletilbod fagleg og sosialt, skulebygg, god lærardekning og god tilgang til læremiddel.

Skulestrukturen må vera økonomisk berekraftig i åra som kjem ut frå dei rammene kommunen har til rådvelde. I praksis vil det seia at ein må velja mellom alternativ 1 og alternativ 2 dersom ein skal oppnå den reduksjonen i kostnadar som kommunestyret har tinga. I høve til skulestrukturen må det gjerast tiltak alt for skoleåret 2019/ 2020.

Ut frå dagens fakta tal (GSI – fødselstal etc.) og utskrift frå folkeregisteret pr. 01.01.2018 vil talet på elevar i planperioden gå ned frå 445 skuleåret 2019 – 2020 til 405 skuleåret 2023 - 2024.

Budsjettmessig utvikling for dei ulike skulane i perioden 2014 – 2018 (totalbudsjett – byggkostnadar FDV – forsikring, straum vedlikehald, reinhald og skyss)

| Skule | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Rimbareid** | 33,4 mill | 34,1 mill | 34,8 mill | 35,6 mill | 36,7 mill |
| **Øvrebygda** | 6,1 mill | 6,4 mill | 6,4 mill | 6,8 mill | 7,0 mill |
| **Selevik** | 4,2 mill | 4,1 mill | 3,9 mill | 4,5 mill | 4,2 mill |
| **Kulturskulen** | 1,1 mill | 1,2 mill | 1,5 mill | 1,5 mill | 1,6 mill |

<u>Kostnadar pr. elev ved dei ulike skulane:</u>

| Skule | Samla kostnad | Tal elevar | Sum |
|---|---|---|---|
| **Rimbareid** | 36,7 mill. | 380 | 96 579,- |
| **Øvrebygda** | 7,0 mill. | 55 | 127 273,- |
| **Selevik** | 4,2 mill. | 31 | 135 484,- |

Elevkostnadane på kvar skule visar at ein har større kostnad på kvar elev på dei fådelte skulane. På tross av høge kostnadar på kvar elev ser ein ikkje eit betre snitt på nasjonale prøvar samanlikna med Rimbareid kor ein har lågaste kostnadar per elev. Dette synar at det ikkje er samanheng mellom kor mykje ein brukar på kvar elevplass, og dei resultata ein får av læringsutbyte på til dømes nasjonale prøvar. Dette er bilete frå dei siste åra med resultat frå nasjonale prøvar.



Talet på elevar går jamt ned heile vegen, frå førre skulebruksplanperiode og inn i ny periode. Dette er ei utfordring ein må ta på alvor, sjølv om folketalet i Fitjar kommune stig.




Talgrunnlag er frå Folkeregisteret per 01.01.2018

Administrasjonen har fått i oppdrag å redusere skulebudsjettet med 1,5 millionar i 2020, og ytterlegare 1,5 millionar i 2021. Ein skal i langtidsplanane for 2019 – 2021 redusere ytterlegare budsjett med 663.000,- per år. Ein skal også redusera skulebudsjettet ytterlegare med 1,5 millionar i 2021. I tillegg vil talet på elevar gå ned. Noko som medfører mindre overføringar frå staten jf. Framskrivingsstatistikken. Oppdraget frå politikarane til administrasjonen er at ein i den nye skulebruksplanen må leggje fram ulike alternativ for å redusere kostnadane i skulebudsjettet.

Her vil me gjere greie for ulike alternativ med tal elevar, tal klassar (K) og kostnader for dei ulike alternativa. Ein har også frå hausten 2018 ein ny lærarnorm som ein må ta omsyn til.

Ut frå elevtalsframskriving frå SSB og eigne analysar av dagens situasjon med tilflytting, utvikling i industri og optimisme i regionen, kan ein pårekna ei auke i elevtalet med om lag 10 elevar per år. Det ligg også ein historie bak denne framskrivinga jf. skulebruksplanen 2014 – 2018 der ein har hatt ein liknande auke. Skulle ikkje denne framskrivinga bli realisert, vil det forverra den økonomiske stoda ytterlegare.



Øvrebygda tur til Surefjell

Framskriving vil då sjå slik ut (prognose elevtal):




Sjølv med ein slik framskriving vil det råda uvisse om tala vil bli slik (+/-).

| **Framskrivingsstatistikk elevtalsutvikling 2019 – 2023 økonomiske konsekvensar** | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Budsjettår** | **Tal elevar** | **Tal elevar framskrivingstal** | **Differanse** | **Tilskot** | **Totalt beløp framskrivingstal** | **Totalt beløp tal folkereg. 01.01.2018** |
| **2018** | 463 | | | | | |
| **2019** | 448 | 458 | 5 | 110 000 | -550 000 | -1.650.000 |
| **2020** | 430 | 450 | 13 | 110 000 | -1 430 000 | -3.630.000 |
| **2021** | 424 | 454 | 9 | 110 000 | -990 000 | -4.290.000 |
| **2022** | 415 | 455 | 8 | 110 000 | -880 000 | -5.280.000 |
| **2023** | 408 | 458 | 5 | 110 000 | -550 000 | -6.050.000 |

Framskrivingsstatistikken vil medføra at rammetilskotet til Fitjar kommune vil bli redusert dei åra som kjem med følgjande beløp: (beløpa baserer seg for satsane i inntektssystemet.

## Økonomiske konsekvensar for dei ulike alternativa

Reknar her med eit utgangspunkt for ei snittløn for lærarane inkl. sosiale goder tilsvarande kr 685.000,-. Med kontaktlærartillegget vert dette kr 712.000,-.

Alle alternativa er utrekna med reelle tal elevar ut frå Folkeregisteret per 01.01.2018. Ein har ikkje teke med framskrivingstala i dei ulike alternativa.

## Areal – Rimbareid skule

| Klasse | Areal klasserom | Grupperom | Samla areal | Tal elevar 18 – 19 Rimbareid | Areal pr. elev med 2 tilsette | Tal elevar Alle til Rimbareid | Areal pr. elev med 2 tilsette |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **1A** | 77 m2 | 1 rom 20 m2 + 1 rom 14,9 m2 | 111,9 | 15 | 6,9 | 20 | 5,1 |
| **1B** | 64,9 m2 | Nei | 64,9 | 15 | 3,7 | 20 | 2,8 |
| **2A** | 65,2 m2 | 1 rom 7 m2 | 72,2 | 14 | 4,5 | 22 | 2,9 |
| **2B** | 69,5 m2 | 1 rom 14,1 m2 | 83,6 | 14 | 5,4 | 22 | 3,4 |
| **3A** | 65,6 m2 | 1 rom 8,1 m2 | 73,7 | 17 | 3,8 | 25 | 2,6 |
| **3B** | 60,2 m2 | 1 rom 14,1 m2 | 74,3 | 17 | 3,9 | 25 | 2,6 |
| **4A** | 83,5 m2 | 1 rom 14,2 m2 + 1 rom 14,2 m2 | 111,9 | 24 | 4,3 | 22 | ?? |
| **5A** | 60 m2 | 1 rom 11 m2 | 71 | 17 | 3,7 | 20 | 3,1 |
| **5B** | 50 m2 | 1 rom 11 m2 | 61 | 17 | 3,1 | 20 | 2,6 |
| **6A** | 60 m2 | 1 rom 11 m2 | 71 | 19 | 3,3 | 24 | 2,6 |
| **6B** | 50 m2 | 1 rom 11 m2 | 61 | 19 | 2,7 | 24 | 2,2 |
| **7A** | 69,8 m2 | 1 rom 7,1 m2 + eit felles med B 14,5 | 83,9 | 16 | 4,7 | 22 | 3,4 |
| **7B** | 69,9 m2 | 1 rom 7,1 m2 | 83,8 | 16 | 4,7 | 22 | 3,4 |
| **8A** | 73,7 m2 | 1 rom 7,7 m2 + 1 rom 6 m2 | 87,4 | 24 | 3,3 | 24 | 3,3 |
| **8B** | 69,6 m2 | 1 rom 7 m 2 + 1 rom 7 m2 | 83,6 | 24 | 3,1 | 24 | 3,1 |
| **9A** | 69 m2 | 1 rom 6,1 m2 | 75,1 | 29 | 2,3 | 29 | 2,3 |
| **9B** | 69 m2 | 1 rom 11,7 m2 | 80,7 | 28 | 2,5 | 28 | 2,5 |
| **10A** | 64,4 | 1 rom 8 m2 | 72,4 | 26 | 2,4 | 26 | 2,4 |
| **10B** | 64,4 | 1 rom 7,7 m2 | 72,1 | 26 | 2,4 | 26 | 2,4 |

NB! Tala pr. klasse er lagt inn etter prinsippet totalt elevtal : 2. Areal pr. elev er rekna ut frå samla areal – 8 (to tilsette) : tal elevar.
Ut frå oversynet er det behov for 2 nye klasserom + møterom og grupperom . Behov for talet på nye lærararbeidsplassar har mange variablar. Deltidsstillingar – kompetanse for kvalitet etc. Truleg vil det vera behov for 3 – 5 nye lærararbeidsplassar. Areal til spesialrom og fellesareal er ikkje medrekna. Skulesjefen har vore i dialog med rektor, verneombud og tillitsvald ved Rimbareid skule. Areala i tabellen vil kunne variera litt i forhold til den reelle situasjonen i kvart klasserom. Men ved ei utbygging skissert i dei ulike alternativa vil ein kunne finne gode romløysingar for dei ulike elevgruppene.

Link til arealnorm for skulebygg

http://www.skoleanlegg.utdanningsdirektoratet.no/uploads/Artikler_vedlegg/Sammenligning_grunnskoleareal2015.pdf

*Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m² per elev. Så lenge inneklimaet er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m² per elev tilsier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m² per elev. Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen. Areal for tilsette vert rekna til 4 m2.*

***Spesialiserte læringsareal:*** *Spesialiserte læringsarealer er rom som er innredet med tanke på andre aktiviteter enn de det er lagt til rette for i klasserommet eller hovedrommet til en klasse eller elevgruppe, og som disponeres av flere klasser/elevgrupper. Eksempel på slike rom er rom til naturfag, musikk, kroppsøving, kunst og håndverk og mat og helse. I videregående skole vil spesialiserte læringsarealer også omfatte verksteder og spesialutstyrte rom for ulike utdanningsprogram.*
*Det kan ikke settes et bestemt arealkrav til slike rom fordi det vil variere etter hvilket utstyr og inventar som er nødvendig og hvilke aktiviteter som skal foregå.*
*Vurderingene av disse arealene må basere seg på om sikkerheten og krav til inneklima som luft, lys og akustikk er ivaretatt (jf. § 14).»* (Helsedirektoratet 2014, s. 18-19).



Prosjekt småkryp, Rimbareid skule

## Ny lærarnorm - auka lærartettleik

Målet til den nye lærarnorma er at det frå hausten 2018 skal være 1 lærar per 16 elevar i 1-4. klasse og 1 lærar per 21 elevar i 5-10. klasse, og frå hausten 2019 er målet at det skal være 1 lærar per 15 elevar i 1-4. klasse og 1 lærar per 20 elevar i 5-10. klasse.

Kommuneproposisjon kjem 15.mai 2018, avventar tilbakemelding frå innhald i rapporten.

Bakgrunn med utgangspunkt i two teachers og tidleg innsats

- Meir fokus på kva som virkar i norsk skule
- Auka vilje til å undersøkja effekt av ulike tiltak.
- Stortingsmeldingar som trekker fram effektforskning spesielt
- Meld. St. 16 (2006-2007): …og ingen sto igjen. Tidleg innsats for livslang læring.
- Meld. St. 18 (2012-2013): Lange linjer: kunnskap gir muligheter
- Meld. St. 21 (2016-2017): Lærelyst: tidleg innsats og kvalitet i skolen
- Kvalitet og relevans. Kunnskapsdepartementets strategi for utdanningsforskning 2014-2019.
- Auka fokus på effektforskning programma som finansierer utdanningsforskning i Norges forskningsråd

Lærarnorm

- Vedtatt i forhandlingar om revidert statsbudsjett i november 2017.
- Auka lærartettleik gir auka handlingsrom. Pr. i dag ingen føringar for korleis den auka lærarressursen skal brukast ut over at den skal rettast mot elevar med svake ferdigheiter. Skal iverksetjast frå skuleåret 2018-2019
    - 2018-2019:
        - 1:16 på 1.til 4. trinn
        - 1:21 på 5.til 10. trinn
    - Frå 2019-2020:
        - 1:15 på 1. til 4. trinn
        - 1:20 på 5. til 10. trinn
- Skal sikra høg lærartettleik samtidig som skulane sine behov for fleksibilitet vert ivareteken.
- Skulane står fritt til å velja korleis undervisninga skal organiseres (redusert klassestørrelse, smågruppeundervisning, to-lærar ordning etc.)

**Auka lærartettleik kan organiserast på ulike måtar**

- Redusert klassestørrelse
  - Smågruppeundervisning
  - Fleire lærarar involvert i undervisninga av elevane i same klasse
  - Dela klassen i to
  - Gruppeinndeling
  - Klasse + smågruppeundervisning
  - Klasse + 1:1



# Dagens skulestruktur

Elevtalet vil gå litt ned sjølv om me har lagt inn ein årleg auke (tilflytting) på 10 elevar, og dette er ein optimistisk prognose.
Rammetilskotet til kommunen vil inntektene til dei elevane me har i grunnskulen gå ned med om lag 880.000,- i snitt gjennom planperioden.

Det samla klassetalet for alle skulane vil då bli:

| **Totalt tal klassar i Fitjar kommune i perioden 2019 - 2024** | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Skular** | **Rimbareid** | **Øvrebygda** | **Selevik** | **Samla** |
| **2018 - 2019** | 19 | 4 | 3 | 26 |
| **2019 - 2020** | 18 | 4 | 3 | 25 |
| **2020 - 2021** | 18 | 4 | 3 | 25 |
| **2021 - 2022** | 19 | 4 | 3 | 26 |
| **2022 - 2023** | 18 | 4 | 3 | 25 |
| **2023 - 2024** | 18 | 4 | 3 | 25 |

## Konsekvensar for dagens skulestruktur

- Klassetala vert oppretthaldne om lag på dagens nivå.
- Reduksjon i elevtalet fører til høgare kostnadar pr. elev ut frå økonomiske 2018 tal.
- Ein gradvis reduksjon i talet på lærarar. I planperioden 2018-2021 vil ein måtta redusera talet på lærarar med minst 6 stillingar, og vurdere andre typar innsparingar eks. spesialundervisning, størrelse på elevgrupper, administrasjon osv.
- Skulen blir heilt utarma. Dårleg pedagogisk tilbod. Auke av spesialundervisning.

| **Elevtalsutvikling 2019 – 2023 økonomiske konsekvensar (** Tal frå folkereg. 01.01.2018) | | | |
|---|---|---|---|
| **Budsjettår** | **Tal elevar** | **Tilskot** | **Reduserte inntekter** (grunna lågare elevtal) |
| **2018** | 463 | | |
| **2019** | 448 | 111000 | -1.650.000 |
| **2020** | 430 | 111000 | -3.630.000 |
| **2021** | 424 | 111000 | -4.290.000 |
| **2022** | 415 | 111000 | -5.280.000 |
| **2023** | 408 | 110 000 | -6.050.000 |

**Dagens skulestruktur medfører høge kostnadar pr. elev. Kommunen sin økonomi vert svært anstrengt i planperioden. Dei samla kostnadane til drift må reduserast med 4 – 5 millionar.**

**Av den grunn må det gjerast endringar i skulestrukturen for å redusera utgiftene.**

## Alternativ 1 – Nedlegging av grendaskulane, flytta alle elvane frå Øvrebygda og Selevik til Rimbareid

Alternativ 1 medfører at det vil vere ein klasse meir på skulen i 2018/2019 og i 2021/2022. Dei andre åra vil det vera 2 klassar meir totalt på skulen.

**Oversyn totalt tal elevar ved alternativ 1**

| | 2018-2019 | | 2019-2020 | | 2020-2021 | | 2021-2022 | | 2022-2023 | | 2023-2024 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Trinn** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** |
| **1.trinn** | 39 | 2 | 37 | 2 | 39 | 2 | 41 | 2 | 35 | 2 | 41 | 2 |
| **2.tirnn** | 44 | 2 | 39 | 2 | 37 | 2 | 39 | 2 | 41 | 2 | 35 | 2 |
| **3.trinn** | 50 | 2 | 44 | 2 | 39 | 2 | 37 | 2 | 39 | 2 | 41 | 2 |
| **4.trinn** | 43 | 2 | 50 | 2 | 44 | 2 | 39 | 2 | 37 | 2 | 39 | 2 |
| **5.trinn** | 39 | 2 | 43 | 2 | 50 | 2 | 44 | 2 | 39 | 2 | 37 | 2 |
| **6.trinn** | 48 | 2 | 39 | 2 | 43 | 2 | 50 | 2 | 44 | 2 | 39 | 2 |
| **7.trinn** | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 | 43 | 2 | 50 | 2 | 44 | 2 |
| **8.trinn** | 47 | 2 | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 | 43 | 2 | 50 | 2 |
| **9.trinn** | 57 | 2 | 47 | 2 | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 | 43 | 2 |
| **10.trinn** | 52 | 2 | 57 | 2 | 47 | 2 | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 |
| **Totalt** | 463 | 20 | 448 | 20 | 430 | 20 | 424 | 20 | 415 | 20 | 408 | 20 |

Dei tala som er merka med rødt synar til at ein må auka tal klassar på det trinnet sett mot det ein ville hatt dersom ein ikkje flyttar elevar frå grendaskulane.

**Lærarnorma**

Lærarnorma vil gje ein **ekstra** kostand i snitt på 2 stillingar kvart år.

For perioden:

- 2019 – 2020 vil det vere 2,6 lærarstillingar = 1.781.000,-
- 2020 – 2023 vil det vere 1,5 lærarstillingar = 1.027.500,-

Her vil det vere mogleg å henta inn noko av kostnadane ved å redusere tal på assistentar i skulen.

Sjå vedlegg i Skulebruksplanen for utrekning av lærarnorma for dei ulike alternativa.

Det vert kostnadar til to ekstra klassar alle åra utanom skuleåret 2018-2019 og 2021-2022 då det berre blir ein ekstra klasse:

| Beskrivelse | Forklaring tal | Sum |
|---|---|---|
| **Auka skyssutgifter** | kr. 24*2*190*85(elevsnitt) | 775 200 |
| **2 ekstra klassar ved Rimbareid** | kr. 712.000*2,2 | 1 566 200 |
| **Auka administrasjonsressurs** | | 150 000 |
| **Auka SFO kostnadar Rimbareid** | Gjeld barn frå Øvrebygda | 150 000 |
| **Behalda privat SFO i Selevik** | | 150 000 |
| **Finanskostnadar nybygg** | | 635 000 |
| **Halda bygg i Selevik og Øvrebygda i hevd** | | 100 000 |
| **Spesialundervisning overført til Rimbareid** | 34 timar | 895 000 |
| **Avtalefesta ressurs overført til Rimbareid** | 16 timar | 422 000 |
| **Delingstimar frå grendaskulane blir overført** | 15 timar av 30 timar i dag | 395 000 |
| **Auka kostnadar til reinhald – meir areal** | | 350 000 |
| **Leige hall FKIB** | 15t i veka * 4.200,- * 38 | 160 000 |
| **Overførte utgifter** | | **5 748 400** |

| Utgifter Selevik skule | | Utgifter Øvrebygda skule | |
|---|---|---|---|
| **Skuledrift** | 4.200.000,- | **Skuledrift** | 7.000.000,- |
| **Bygg** | 315.000,- | **Bygg** | 672.000,- |
| **Totalt** | 4.590.000,- | **Totalt** | 7.672.000,- |
| | **Totalt for begge skulane** | **12.262.000,-** | |

**Innsparing: Kr 12.262.000,- – kr 5.748.400,- = kr 6.513.600,-**

- For skuleåret 2021 – 2022 vil vinsten bli kr 7.296 800,-.
- Ved innføring av lærarnorma vil ein ha ei innsparing slik:
  - 2019 – 2020 kr. 4.732.600,-
  - 2020 – 2021 kr. 5.486.100,-

## Sanering Øvrebygda skule

Sanering av 39.bygget på Øvrebygda skule vil koste ca. 483.081,- eks mva. Ref. anbod frå K.Volden Transport 23.05.2018.

### Konsekvensar for tildelte tippemidlar

Øvrebygda har fått kr 519 000,- til garderobebygg i 1998. Grendahusdelen (kulturbygg) har fått kr 200 000,- i 1996, kr 432 000,- i 1997 og kr 368 000,- i 1998 – totalt 1 million.

Her vil kommunen i høyringsperioden kartleggja kva konsekvensar denne tildelinga kan få dersom det ikkje vert vidare drift. Alternativt kva som må til av drift for at det ikkje skal få negative konsekvensar for kommunen i høve tildelinga.

Økonomisk er alternativa:

- Stenging og tilbakebetaling av resttilskotet estimert til om lag 800 000,-
- Drift i eigen regi eller av andre med ei øvre grense på 90 000,- i årlege kostnad.

**Regelverk:**

*«Fra og med år 11 etter ferdigstillelse av anlegget skal beløpet nedskrives lineært med 1/20-del per år som er gått fra og med år 11 til og med år 30.»*

## Investering Rimbareid

Ei utbygging ved Rimbareid med kr 11.502.000,- vil med ei rente på 3 % og ei avskriving på 40 år kosta årleg om lag kr. 635.000,-.

**Investeringsbehov bygg: Utgangspunkt kvadratmeterpris kr 27.000,-**

| Investeringsbehov | Kostnadar |
|---|---|
| 4 nye klasserom , 2 grupperom, 3 nye møterom * | 11.502.000,- |
| **Samla** | 11.502.000,- |

* 4 klasserom a 75 m2 + 4 nye grupperom à 12 m2, 1 nye møterom a 18 m2 + gangareal 60 m2. Samla arealbehov 426 m2.

- I høve framtidig rombehov viser ein til arealoversynet for Rimbareid skule at det vil vere behov for omtrent fire klasserom. Då har ein også teke høgde for ein eventuell tredje parallell på eit av trinna.
- Behov for 3 – 5 lærararbeidsplassar, dette vert det funne rom for innan eksisterande bygg.
- I rettleiaren til forskrift om miljøretta helsevern, er det rekna som eit minimum 1 toalett pr. 20 elevar, og minimum eit som er tilpassa rullestol.
    - Ved skulen er det 35 elevtoalett, 7 av desse er tilpassa rullestolbrukar. Eit samla elevtal på 463 gir 13 elevar pr. toalett.

Henning Malvin Anfinsen ved Link arkitektur har kalkulert ein tilbyggspris til om lag kr 27.000,- pr. m2 jf. mail 7. mai 2018.

**Eventuell bruk av Fitjar Kultur og idrettsbygg**

Her må ein ta omsyn til ulike utfordringar:

- Idrettshallen  kan nyttast som arena for kroppsøving t.d. på mellom- ungdomstrinnet. Kan leggja 2 timar i blokk. Kostnad og innsparing ?
- Her er to klasserom + lærararbeidsrom. Klasseromma har eit areal på 50 m2 og 58,4 m2. Årleg leige kostnad ca kr 250.000,- totalt for dei nemnte areala.
- Det eine rommet vert for lite dersom ein reknar 2,5 m2. pr. elev.
- Ei slik løysing vert ganske utfordrande for tilsette som må pendla mellom to «skular».
- Kva for trinn skal ein eventuelt prioritera for slike lokalar med tanke på fagkompetanse for lærarar, inkludering med dei andre elevane på andre trinn, og behov for spesialrom til ulike fag.
- Ikkje utreda vidare, men er det mogleg å leige spesialrom på Fitjar vgs slik at elevane har dei klasseromma dei trenger på ein stad?

## Konsekvensar for læringsmiljø / fagmiljø

Med eit slikt alternativ vil gje følgjande konsekvensar for elevane:

- Færre overgangar frå ein skule til ein anna. Ein vil redusere dei overgangane ein har i dag, og ein vil sikre ein betre kjennskap om elevane og elevgrupper. Dei vaksne vil ha betre oversikt over dei elevane dei har no og fram i tid.
- Ein blir inkludert i eit fellesskap frå 1.-10.trinn. Dette vil sikre at alle har betre moglegheiter for å bli sett av dei vaksne, over tid, på alle trinn. Ein vil kunne følgje elevane og tiltak som er gjort på ein betre måte då ein har kunnskap om den einskilde elev i same hus.
- Ein har fleire moglegheiter for vennskap med fleire elevar på same trinn. Dei minste skulane har færre elevar på kvart trinn, og det begrensar moglegheiter for vennskap for elevane, som er ein føresetnad for god læring og utvikling. Ein vil vere ein del av eit større fellesskap, kjenne eit tilhøyre og ha vennskap gjennom heile skuleløpet er viktig for at elevane føle tilknytning og tryggleik.
- Ein vil kunne få eit betre læringsmiljø, med større moglegheiter for å dele inn i grupper for elevar på ulike meistringsnivå. Og dei elevane som er på ulike nivå vil mogleg ikkje skilje seg ut i same grad som ein gjer i eit mindre miljø med færre elevar.
- Ein vil ikkje vere annleis i same grad då ein har fleire som mogleg vil ha felles interesser og som ein kan skape vennskap med.
- Fleire lærarar med ulike kompetanse, og meir rom for tilpassing til den enkelte elev. Ein vil kunne hente inn og få kompetanseheving internt på skulen då det er fleire lærarar å spele på.
- Lengre skuleveg for dei elevane frå Selevik og Øvrebygda
    - For dei frå Selevik ca 30 - 35 minutter til Rimbareid og ca 20 - 25 minutt til Øvrebyda
    - For elevane frå Øvrebygda ca 15 minutt

For dei tilsette vil ein få:

- Større kollegamiljø. Ein vil kunne ha større fagmiljø, då ein vil ha fleire lærarar med same fag som kan samarbeide med kvarandre. Større moglegheit for delingskultur.
- Betre moglegheiter for å utvikle fagleg kompetanse på trinn og for kvar tilsett
- Større og breiare fagmiljø på dei ulike trinna, og skulen sett som ein heilhet. Ein vil ha eit fagleg breiare utgangspunkt for utviklingsarbeid.
- Større tal elevar på kvar klasse, men ein vil framleis ha ledig kapasitet.

Ved dette alternativet vil krinsane Selevik og Øvrebygda miste nærskulane sine. **Ein greier å redusera utgiftene til skulen med om lag 5 - 6 mill.** pr. år. Skulen og andre delar av kommunens tilbod til innbyggarane kan bli styrka. Alternativet medfører vidare stor overtalligheit i høve til tilsette ved dei to grendaskulane. Her må ein sjå kompetansebehovet og ansienniteten samla for heile kommunen.



## Alternativ 2 – Øvrebygda blir ein 1.-4.skule for elevane frå Øverbygda og Selevik, og alle elevane frå 5.-7.trinn flyttast over til Rimbareid

Talet på elevar som kan bli overflytta i åra som kjem. (Samla frå Selevik og Øvrebygda til Rimbareid for 5. – 7. trinn).

| | 2018/2019 | 2019/2020 | 2020/2021 | 2021/2022 | 2022/2023 | 2023/2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **5.trinn** | 15 | 9 | 16 | 17 | 9 | 14 |
| **6.trinn** | 10 | 15 | 9 | 16 | 17 | 9 |
| **7.trinn** | 9 | 10 | 15 | 9 | 16 | 17 |
| **Samla** | 34 | 34 | 40 | 42 | 42 | 40 |

Ei slik overføring vil føra til klassedeling ved Rimbareid skule skuleåret 2018/2019. Kostnadane til denne delinga dreg ein med seg vidare i 2019-2020 og i 2020-2021. Full effekt vil ein få 2021-2022 og 2022-2023. Behov for ny deling i 2023 – 2024.

**Oversyn totalt tal elevar ved alternativ 2 ved Øvrebygda skule**

| | 2018-2019 | | 2019-2020 | | 2020-2021 | | 2021-2022 | | 2022-2023 | | 2023-2024 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Trinn** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** |
| **1.trinn** | 9 | 1 | 14 | 1 | 8 | 1 | 11 | 1 | 10 | 1 | 10 | 1 |
| **2.tirnn** | 17 | 1 | 9 | 1 | 14 | 1 | 8 | 1 | 11 | 1 | 10 | 1 |
| **3.trinn** | 16 | 1 | 17 | 1 | 9 | 1 | 14 | 1 | 8 | 1 | 11 | 1 |
| **4.trinn** | 9 | 1 | 16 | 1 | 17 | 1 | 9 | 1 | 14 | 1 | 8 | 1 |
| **Totalt** | 51 | 4 | 56 | 4 | 48 | 4 | 42 | 4 | 43 | 4 | 39 | 4 |

**Lærarnorma**
Lærarnorma vil gje ein **mindre** kostand i snitt på 1,5 stillingar kvart år.

For perioden:

- 2019 – 2020 vil det vere 1,5 lærarstillingar = 1.027.500,-
- 2020 – 2023 vil det vere 1,5 lærarstillingar = 1.027.500,-

Her vil det vere mogleg å auka noko av ressursen ved å redusere tal på assistentar i skulen.

Sjå vedlegg i Skulebruksplanen for utrekning av lærarnorma for dei ulike alternativa.

Innsparingspotensialet for ei slik løysing vil kunna vera:
**Øvrebygda skule:**
Reduksjon av 29 elevtimar på 7. trinn. Noko som tilsvarar 1,1 lærarstilling. I tillegg vil ein få ein reduksjon på 5.- 6. trinn ved Øvrebygda, tilsvarande 28 timar.

| Beskrivelse | Forklaring tal | Sum |
|---|---|---|
| **Kostnadsreduksjon** | kr. 712.000,- * 1,1 | 783 200 |
| **Kostnadsreduksjon** | kr. 712.000,- * 1,07 | 761 800 |
| **- Skyssutgifter** | kr. 24 * 2 * 190 * 22(elevsnitt) | -200 640 |
| **Samla innsparing** | | **1 344 360** |

**Selevik skule**

| Beskrivelse | Forklaring tal | Sum |
|---|---|---|
| **Samla kostnadar Selevik** | Skuledrift + bygg | 4 515 000 |
| **Kostnadsauke Øvrebygda** | kr. 712.000,- * 1,04 *2 (lærarstillingar) | 1 481 000 |
| **Kostnadsauke skyss til Øvrebygda** | kr. 24 * 2 * 190 * 18(elevsnitt) | 164 160 |
| **Kostnad spesialundervisning 12 t overført** | | 316 000 |
| **Kostnad delingstimar 10 t overført** | Delingstimane frå Selevik fell bort | 0 |
| **Kostnad avtalefesta ressurs 5 t overført** | | 131 700 |
| **Halda skulebygget i Selevik i hevd** | | 50 000 |
| **Kostnadar 1 lærarstilling til Rimbareid** | Kr 712.000 * 1,1 (lærarstilling) | 783 200 |
| **Kostnadar investering 39 bygg m.m.** | | 300 000 |
| **Kostnadar privat SFO Selevik** | | 150 000 |
| **Finanskostnadar nybygg Rimbareid** | | 401 000 |
| **Auka kostnad reinhald Rimbareid** | | 200 000 |
| **Samla innsparing** | | 637 940 |

**Samla innsparing for dette alternativet kr 1.344.360,- + 637.940,- = 1.982.300,-**
Innsparing skuleåret 2019 – 2020 kr 1.982.300,-
Innsparing skuleåret 2020 – 2021 kr 1.982.300,-
Innsparing skuleåret 2021 – 2022 kr 2.694.300,- (dagens 4. klasse ikkje delt i dag over i u-skulen)
Innsparing skuleåret 2022 -2023 kr 2.694.300,-
Innsparing skuleåret 2023 – 2024 kr 1.982.300,- (1 klasse 2019 23 elevar må delast på 5. trinn)

Innsparing med lærarnorm:
- 2019 – 2020 kr. 3.009.800,-
- 2020 – 2021 kr. 3.009.800,-

Dette alternativet gir ikkje ynskt innsparingsbeløp. Ein må då vurdera andre nedtrekk i tillegg. Døme på nedtrekk som ein då må vurdera kan vera:

- Ope basseng berre kvart halvår - kr 250.000,-
- Stengja SFO ordninga i Selevik - kr 150.000,-
- Stengja SFO ordninga i Øvrebygda - kr 370.000,-
- Vurdera auka SFO satsar Rimbareid
- Vurdera auka satsar for Kulturskulen
- Vurdera redusert eller samordna administrasjonsressurs
- Ytterlegare nedtrekk av driftsmidlar
- Vurdere grunnbemanninga og organisering av bemanningsressursar
- Reduksjon i spesialundervisning Jf. måltal i skulebruksplanen, omstilla frå spesialundervisning til tilpassa opplæring, eller anna organisering av spesialundervisninga

Fortsatt drift av Øvrebygda vil føra til store investeringar. Vanskeleg å leggja ned seinare. Høgare kostnadar utover i perioden grunna lågt elevtal. Kan i verste fall bli todelt.

**Investeringsbehov Øvrebygda:** Må gjerast uansett dersom vidare skuledrift ved skulen

| Investeringsbehov Øvrebygda | Kostnadar |
|---|---|
| **Oppdatering av 39 bygget. Skifte glas + maling inne** | 4.000.000,- |
| **Ventilasjon + oppdaterte lærararbeidsplassar** | 1.500.000,- |
| **Samla** | 5.500.000,- |

Ei investering ved Øvrebygda med kr 5.500.000,- vil med ei rente på 3 % og ei avskriving på 40 år kosta årleg om lag kr. 300.000,-

**Investeringsbehov bygg Rimbareid: Utgangspunkt kvadratmeterpris kr 27.000,-**

| Investeringsbehov Rimbareid | Kostnadar |
|---|---|
| 2 nye klasserom , 2 grupperom, 2 nye møterom * | 7.290.000,- |
| **Samla** | 7.290.000,- |

* 2 klasserom a 75 m2 + 2 nye grupperom à 12 m2, 2 nye møterom a 18 m2 + gangareal 60 m2. Samla arealbehov 270 m2.

Ei utbygging ved Rimbareid med kr 7.290.000,- vil med ei rente på 3 % og ei avskriving på 40 år kosta årleg om lag kr. 401.000,-.

Ein legg då til grunn at Øvrebygda skule vert ein fulldelt skule. Ut frå tala i tabellen kan ein enkelte år slå saman to trinn og dermed spara ytterlegare ein lærarstilling. Dette blir svært uryddig over tid og er lite tenleg. Ein må leggja til grunn ein elevtalsauke også. Ved å leggja opp til ein fulldelt 1. – 4. skule vil ein i lang tid framover ha forutsigbarheit i høve til klassetal og det pedagogiske arbeidet i klassane.

### *Konsekvensar*

For elevane vil eit slikt alternativ medføre for elevane:

- Ein vil få ein stabil oppstart til skulen for dei minste elevane.
- Ein vil ha fleire moglegheiter for venskap
- Ein vil ha betre læringsmiljø
- Ein vil ha fulldelt skule for alle elevane
- Ein vil ha ein godt grunnlag for ein SFO
- Elevane frå Selevik vil få ein lengre skuleveg
- Elevane i 5.-7.trinn på Selevik og Øvrebygda vil få lengre skuleveg
- Elevane i 5.-7.trinn på Selevik og Øvrebygda vil være godt inkludert i klassane før ein kjem opp i ungdomsskulen, og ha eit godt grunnlag for vidare læringsutbyte fram mot eksamen. Ein treng ikkje nytta tid i 8.trinn på å samkøyre elevane.
- Lengre skuleveg for dei elevane frå Selevik og Øvrebygda 5 – 7. tirnn
    - For dei elevane 1. – 4.trinn frå Selevik til Øvrebygda ca 20 – 25 minutter. Og for elevane 5 – 7.trinn ca 30 - 35 minutter til Rimbareid.
- For elevane 5.- 7 .trinn frå Øvrebygda til Rimbareid ca 15 minutt

For dei tilsette vil eit slikt alternativ medføre:

- Godt fagmiljø med gode utviklingsmoglegheiter for småskulen
- Fleire kollega å ha pedagogiske utviklingssamtalar med
- Undervise i fulldelt skule
- Meir fokus på fag for kvart trinn og tilrettelegging for kvar elev og ikkje for ulike trinn i kvar klasse

- Betre oversikt over kva elevane kan og har vore gjennom når ein skal planlegge undervisinga når ein har færre skular og overgangar å ta omsyn til.

Selevik mister nærskulen sin. **Ein greier å redusera utgiftene til skulen med om lag 3 mill. pr. år.** Øvrebygda får ein 1. – 4. skule som er fulldelt. Det blir ei stor omrokkering i personala ved skulane. Ved fådelte skular vert årsplanane lagt opp ulikt. Ein må derfor samordna planane slik at elevane er på same «spor» (Har gått igjennom dei same kompetansemåla ved overgangen til Rimbareid / Øvrebygda) Dette må samordnast i god tid.

Ein vil halde fram med privat SFO ordning for elevar frå Dåfjorden med dagens tilbod, kostnad 150.000,-.



Grand Prix, Øvrebygda

# Alternativ 3 – Flytte alle elevane frå Øvrebygda til Rimbareid, halde Selevik skule slik den er i dag.

Alternativ 3 medfører at det vil vere ein klasse meir på skulen i 2018/2019 og i 2021/2022. Dei andre åra vil det vera 2 klassar meir totalt på skulen.

**Oversyn totalt tal elevar**

| | 2018-2019 | | 2019-2020 | | 2020-2021 | | 2021-2022 | | 2022-2023 | | 2023-2024 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Trinn** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** |
| **1.trinn** | 36 | 2 | 33 | 2 | 37 | 2 | 35 | 2 | 30 | 2 | 38 | 2 |
| **2.tirnn** | 36 | 2 | 36 | 2 | 33 | 2 | 37 | 2 | 35 | 2 | 30 | 2 |
| **3.trinn** | 46 | 2 | 36 | 2 | 36 | 2 | 33 | 2 | 37 | 2 | 35 | 2 |
| **4.trinn** | 38 | 2 | 46 | 2 | 36 | 2 | 36 | 2 | 33 | 2 | 37 | 2 |
| **5.trinn** | 35 | 2 | 38 | 2 | 46 | 2 | 36 | 2 | 36 | 2 | 33 | 2 |
| **6.trinn** | 45 | 2 | 35 | 2 | 38 | 2 | 46 | 2 | 36 | 2 | 36 | 2 |
| **7.trinn** | 42 | 2 | 45 | 2 | 35 | 2 | 38 | 2 | 46 | 2 | 36 | 2 |
| **8.trinn** | 47 | 2 | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 | 43 | 2 | 50 | 2 |
| **9.trinn** | 57 | 2 | 47 | 2 | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 | 43 | 2 |
| **10.trinn** | 52 | 2 | 57 | 2 | 47 | 2 | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 |
| **Totalt** | 434 | 20 | 417 | 20 | 400 | 20 | 392 | 20 | 383 | 20 | 377 | 20 |

Dei tala som er merka med rødt synar til at ein må auka tal klassar på det trinnet sett mot det ein ville hatt dersom ein ikkje flyttar elevar frå Øvrebygda.

**Lærarnorma**

Lærarnorma vil gje ein **ekstra** kostand i 2019 - 2020.

For perioden:

- 2019 – 2020 vil det vere 1,1 lærarstillingar = 753.500,-
- 2020 – 2021 vil det vere 0 lærarstillingar.

Her vil det vere mogleg å henta inn noko av ressursen ved å redusere tal på assistentar i skulen.

Sjå vedlegg i Skulebruksplanen for utrekning av lærarnorma for dei ulike alternativa.

| Beskrivelse | Forklaring tal | Sum |
|---|---|---|
| **Auka skyssutgifter** | kr. 24*2*190*55(elevsnitt) | 501 600 |
| **2 ekstra klassar ved Rimbareid** | kr. 712.000*2,1 | 1 495 200 |
| **Auka administrasjonsressurs** | | 100 000 |
| **Auka SFO kostnadar** | | 150 000 |
| **Finanskostnadar nybygg** | | 635 000 |
| **Halda bygg i Øvrebygda i hevd** | | 50 000 |
| **Spesialundervisning overført til Rimbareid** | 22 timar | 579 600 |
| **Avtalefesta ressurs overført til Rimbareid** | 11 timar | 289 800 |
| **Delingstimar frå Øvrebygda blir overført** | 10 timar av 20 timar i dag | 263 400 |
| **Auka kostnadar reinhald Rimbareid** | | 350 000 |
| **Leige av hall FKIB** | 15t i veka * 4.200,- * 38 | 160 000 |
| **Overførte utgifter** | | **4 574 600** |

| Utgifter Øvrebygda skule | |
|---|---|
| **Skuledrift** | 7 000 000 |
| **Bygg** | 672 000 |
| **Totalt** | 7 672 000 |

**Innsparing: kr 7.672.000,- - kr 4.574.600,- = kr 3.097.400,- (For nokre av åra vil vinsten bli høgare)**

- Innsparing skuleåret 2019 – 2020 kr 3.097.400,-
- Innsparing skuleåret 2020 – 2021 kr 3.097.400,-
- Innsparing skuleåret 2021 – 2022 kr 3.809.400,- (dagens 4. klasse ikkje delt i dag over i u-skulen)
- Innsparing skuleåret 2022 -2023 kr 3.097.400,-
- Innsparing skuleåret 2023 – 2024 kr 3.097.400,-

Innsparing med lærarnorma i 2019 – 2020 kr. 2.343.900,-

Dette alternativet gir ikkje ynskt innsparingsbeløp. Ein må då vurdera andre nedtrekk i tillegg. Døme på nedtrekk som ein då må vurdera kan vera:

- Ope basseng berre kvart halvår - kr 250.000,-
- Stengja SFO ordninga i Selevik - kr 150.000,-
- Stengja SFO ordninga i Øvrebygda - kr 370.000,-
- Vurdera auka SFO satsar Rimbareid
- Vurdera auka satsar for Kulturskulen
- Vurdera redusert eller samordna administrasjonsressurs
- Ytterlegare nedtrekk av driftsmidlar
- Vurdere grunnbemanninga og organisering av bemanningsressursar
- Reduksjon i spesialundervisning Jf. måltal i skulebruksplanen, omstilla frå spesialundervisning til tilpassa opplæring, eller anna organisering av spesialundervisninga

## Sanering Øvrebygda skule

Sanering av 39.bygget på Øvrebygda skule vil koste ca. 483.081,- eks mva. Ref. anbod frå K.Volden Transport 23.05.2018.

**Konsekvensar for tildelte tippemidlar**

Øvrebygda har fått kr 519 000,- til garderobebygg i 1998. Grendahusdelen (kulturbygg) har fått kr 200 000,- i 1996, kr 432 000,- i 1997 og kr 368 000,- i 1998 – totalt 1 million.

Her vil kommunen i høyringsperioden kartleggja kva konsekvensar denne tildelinga kan få dersom det ikkje vert vidare drift. Alternativt kva som må til av drift for at det ikkje skal få negative konsekvensar for kommunen i høve tildelinga.

Økonomisk er alternativa:

- Stenging og tilbakebetaling av resttilskotet estimert til om lag 800 000,-
- Drift i eigen regi eller av andre med ei øvre grense på 90 000,- i årlege kostnad.

**Regelverk:**

*«Fra og med år 11 etter ferdigstillelse av anlegget skal beløpet nedskrives lineært med 1/20-del per år som er gått fra og med år 11 til og med år 30.»*

## Investering Rimbareid

Ei utbygging ved Rimbareid med kr 11.502.000,- vil med ei rente på 3 % og ei avskriving på 40 år kosta årleg om lag kr. 635.000,-.

**Investeringsbehov bygg: Utgangspunkt kvadratmeterpris kr 27.000,-**

| Investeringsbehov | Kostnadar |
|---|---|
| 4 nye klasserom , 2 grupperom, 3 nye møterom * | 11.502.000,- |
| **Samla** | 11.502.000,- |

- * 4 klasserom a 75 m2 + 4 nye grupperom à 12 m2, 1 nye møterom a 18 m2 + gangareal 60 m2. Samla arealbehov 426 m2.
- I høve framtidig rombehov viser ein til arealoversynet for Rimbareid skule at det vil vere behov for omtrent fire klasserom. Då har ein også teke høgde for ein eventuell tredje parallell på eit av trinna.
- Behov for 3 – 5 lærararbeidsplassar, dette vert det funne rom for innan eksisterande bygg.
- I rettleiaren til forskrift om miljøretta helsevern, er det rekna som eit minimum 1 toalett pr. 20 elevar, og minimum eit som er tilpassa rullestol.
    - Ved skulen er det 35 elevtoalett, 7 av desse er tilpassa rullestolbrukar. Eit samla elevtal på 463 gir 13 elevar pr. toalett.

I høve framtidig rombehov viser ein til arealoversynet for Rimbareid skule. Det er eit klasserom for lite (4. trinn i dag) I tillegg legg ein inn eit reserverom dersom tre parallellar/rom som blir i minste laget ved høgt klassetal.

Henning Malvin Anfinsen ved Link arkitektur har kalkulert ein tilbyggspris til om lag kr 27.000,- pr. m2 jf. mail 7. mai 2018.

## Konsekvensar for læringsmiljø / fagmiljø

Med eit slikt alternativ vil gje følgjande konsekvensar for elevane:

- Færre overgangar frå ein skule til ein anna. Sjølv om elevane frå Selevik vil komme over i 8.trinn
- Fleire blir inkludert i eit fellesskap frå 1.-10.trinn.
- Fleire vil ha større utval i moglegheiter for vennskap.
- Ein vil kunne få eit betre læringsmiljø.
- Ein vil ikkje skilje seg ut så mykje i ei større elevgruppe.
- Fleire lærarar med ulike kompetanse, og meir rom for tilpassing til den enkelte elev.
- Lengre skuleveg for dei elevane frå Øvrebygda, ca 15 minutt til Rimbareid.
- Elevane ved Selevik vil kunne nytte eit SFO tilbod på lik linje med andre familiar.

For dei tilsette vil ein få:

- Større kollegamiljø
- Betre moglegheiter for å utvikle fagleg kompetanse på trinn og for kvar tilsett
- Større og breiare fagmiljø
- Større tal elevar på kvar klasse, men ein vil framleis ha ledig kapasitet

Selevik vil behalde sin nærskule og elevane med lengst skuleveg vil ikkje trenge å køyre 30 minutt til og frå skulen. Øvrebygda mister nærskulen sin. **Ein greier å redusera utgiftene til skulen med om lag**

**3 mill. pr. år.** Dei andre skulane og andre delar av kommunens tilbod til innbyggarane kan bli styrka. Utfordringa ved Rimbareid skule er at ein har 19 tilgjengelege klasserom.

Ei slik omlegging vil også føra til at det vert behov for 2 - 4 fleire lærarar ved skulen. (Er lagt inn i kalkylen over).

Alternativ 3 vil medfører overtalligheit i høve til tilsette Her må ein sjå kompetansebehovet og ansienniteten samla for heile kommunen.



«Hopp for hjertet» 2018, Selevik skule

# Utfordringar ved dei ulike alternativa

## Byggomtale Selevik og Øvrebygda

**Selevik skule**

Viss ein legg ned Selevik skule vert det overført til grendalaget for kr 1. Klausul; skal ikkje brukast til skuledrift.

**Øvrebygda skule**

Øvrebygda skule har ein relativt ny gymsal, eit stort allrom med tilknytt kjøkken og toalett. Her vil ein behalde bygget som eit grendahus som lokalsamfunnet kan nytte til ulike tilsetningar og aktivitetar. Kostnadar ved sanering av 39 bygget ca. 480.000,-, ref. anbod motteke frå K.Volden Transport 23.05.2018. Klausul; skal ikkje brukast til skuledrift.

## Bygningsmessige konsekvensar for Rimbareid skule

- Elevtal 358 ved alt. 0 i 2019/2020 – ikkje med framskrivingstal
    - 448 elevar 2019 – 2020 ved alt.1 = 90 fleire elevar.
    - 417 elevar 2019 – 2020 ved alt. 2 = 59 fleire elevar.
- 1 ekstra klasse (I forhold til i dag) i 2019-2020
- 2 ekstra klasserom (manglar eitt klasserom pr. dato + 1 nytt klasserom)
- Det vil vere eit behov for deling av store klassar i nokon fag, og ein vil trenge fleire grupperom
- Fleire møterom, har allereie for få i dag
- Treng utvida kapasitet på arbeidsrom for lærarar
- Ekstra toalett, gangareal m.m.

## Praktiske utfordringar

- Ikkje plass til alle elevane i Amfirommet ved til dømes fellessamlingar
- Har ulik størrelse på klasseromma (mellom 50 og 80 kvadratmeter på småskuletrinnet). Dei fleste ligg mellom 60 og 69m2. Kan ikkje har store klassar i alle rom.
- Ulik størrelse på klasseromma også på mellomtrinnet (mellom 48 og 70 kvadratmeter).
- Gymsalen sprengt allereie (alle elevar kan då ikkje ha gym inne). Ein kan vurdere å leige hall på FKIB. Ligg i utgiftene til alt. 1 side
- Større press på spesialromma. Redusert bruk på kvar klasse
- Ein vil vonleg oppleve meir knuffing/ konfliktar i gongane
- Mindre plass på uteområda, ein ser for seg auka konflikt rundt leikeapparat, ballbinge og overbygd uteplass. Også press på uteområda nær skulen.
- Meir uoversiktleg og større fare for mobbing
- Treng meir vakthald inne og ute i friminutta
- Meir trafikk mot skulen/ Fleire elevar av og på bussar og drosjer. Auka risiko for ulukker?
- Treng truleg også fleire parkeringsplassar. Fleire elevar fører ikkje berre til fleire tilsette, men også fleire besøkande til skulen

I høyringa til skulebruksplanen kom det innspel som synar at ein ved nedlegging av Selevik skule vil ein få nokon økonomiske utfordringar:

1. **Ved nedlegginga av Selevik skule vil foreldre vurdera å be om overflytting av sine barn til skular i Stord kommune**

   Føresetnadar for overflytting av elevar til skular i Stord kommune er regulert av Opplæringslova § 8 – 1.

   ***§ 8-1.Skolen***

   *Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.*

   *To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen. Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:*
   - *a) opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda soknar til*
   - *b) det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnader til skyssordning*
   - *c) varigheita på avtalen*
   - *d) reglar for å tre ut av og avvikle samarbeidet, og*
   - *e) anna som etter lov krev avtale.*

   *Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.*

   *Ein elev kan i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første ledd, dersom omsynet til dei andre elevane tilseier det. Grunnen til at ein elev kan flyttast, kan til dømes vere at eleven mobbar ein eller fleire medelevar. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.*

   Det vil vera ein mogelegheit for foreldre ved Selevik skule å søkja om å bli teken opp som gjesteelev ved grunnskulane i Stord kommune. Søknaden frå foreldra til kvar einskild elev vert handsama individuelt av Stord kommune. Det må vidare vera semje mellom dei to kommunane om at Fitjar kommune betalar for dette. Satsen for gjesteelevar er for tida kr 95.600,- pr. skuleår. Sagvåg skule vil uansett ikkje kunna ta imot alle elevane frå Selevik skule. Me veit at det er ledig kapasitet blant anna ved Tjødnalio skule. Ei slik ordning vil gje lita innsparing i høve til kostnadane for dagens drift ved Selevik skule. Kostnadar til spesialundervisning og skuleskyss vil koma i tillegg. Elevane har i utgangspunktet ikkje rett til gratis skuleskyss ved ei slik ordning. Dersom Fitjar kommune skal dekka denne, vil kostnadane bli svært høge sidan Fitjar kommune må betala heile rekninga. Kostnadane vil fort nærma seg kr 300.000,- 400.000,-.

   Når det gjeld gjesteelevordning vil administrasjonen foreslå at Fitjar kommune ikkje vil godkjenne dette pga. av dei økonomiske konsekvensane det har.

2. **Ved nedlegging av Selevik skule kan det oppstå krav frå innbyggjarane i bygda om justering av kommunegrensa mellom Fitjar kommune og Stord kommune**

Justering av kommunegrense må følgja prosesskrava i Inndelingsloven («Lov om fastsetting og endring av kommune- og fylkesgrenser») Initiativretten er skildra i § 8 og utgreiing i § 9. Regjeringa avgjer spørsmålet om grensejustering. Ein slik prosess vil ta tid. Før avgjerd er fatta er det noverande kommune som tek avgjerder. Avhengig av utfallet av skulebruksplan vil Fitjar kommune kunna melda inn problemstillinga rundt Selevik skule til Stord kommune til deira utkast til planprogram for ny skulebruksplan i Stord kommune.

Dåfjorden utgjer 8,1% av innbyggjartalet i Fitjar kommune og er innan ramma for mogeleg grensejustering i høve Inndelingslova. Innbyggjartalet og samansetninga av innbyggjarane er grunnleggjande for kommunane sitt inntektssystem, og for kommunen sine utgifter til tenesteyting. Fitjar kommune har ikkje kalkulert den økonomiske effekten av grensejustering i skulebruksplanen pga. av kompleksiteten i saka, og ein må eventuelt nytta eksterne konsulentmiljø til dette. Vi er kjent med utgreiingar for grensejustering som går føre seg i andre kommunar i landet. Effektane av eventuelt grensejustering mellom Fitjar og Stord er ein ukjend faktor i denne saka.

Administrasjonen vil leggje vekt på at forslaget med alternativ 1 som Fitjar kommune sin skulestruktur vil gje eit godt opplæringstilbod til alle barn i Fitjar kommune. Målet med ny skulebruksplan er å leggje fram eit forslag til ein stabil og utviklingsorientert skulestruktur, som skal gje like læringsvilkår for alle elevar i kommunen.



# IKT i Fitjarskulen

Fitjar kommune har ein IKT handlingsplan for perioden 2017 – 2020. I denne planen er det gjort reie for ulike retningslinjer frå lovverket og korleis ståa er i skulane i dag.

Ein ser at det er behov for ein strategisk investeringsplan og at ein har ein felles plan for innkjøp av utstyr og kva for utstyr ein skal satse på. Dette skal være likt for heile kommunen, og ein held no på med eit større strategisk arbeid for å lage ein heilhetlig plan for korleis ein skal gjere investeringar i skulen som skal være god på sikt, og ikkje berre «her og no» innkjøp.

Skulane har no klassesett med ipadar og med eit utval appar for lesing, skriving og rekning. Nokon er gratis og andre kostar noko. Ei utfordring er at det er eit lågare tilbod av appar på nynorsk, men at dette kjem seg noko dei neste åra.

Skulane har nytta læringsplattformen It's learning dei siste åra. Dette er ein kostbar læringsplattform, og ein ser no på løysingar med rimeligare alternativ som Office365, men som samtidig er eit kvalitativt godt alternativ, og enkelt i bruk for elevar og lærarar. Her held ein på med nokon pilotklassar på Rimbareid før ein gjer noko avgjerd på kva ein skal satse på.

## Føringar for arbeidet

Ved læreplanrevisjonen i 2013 vart dei fem dugleikane (lesing, skriving, rekning, munnlege og ***digitale dugleikar***) løfta fram som ein gjennomgåande og viktig del av grunnskuleopplæringa. Desse dugleikane er ein del av allmenndanninga og fungerer som ei verktykasse som elevane har med seg i alle fag i opplæringa.

Det er nasjonale krav om utstyr til bruk ved avvikling av avgangsprøvar, nasjonale prøvar og elevundersøkinga. Krava er nærmare omtala i Fitjar kommune sin IKT plan.

I Fitjar kommune sin IKT plan har ein fleire mål når det gjeld digital kompetanse og utstyr i Fitjar kommune, og her er nokon av dei:

### Opplæringsmål for elevane

- Elevane i Fitjarskulen skal gjennom det tiårige skuleløpet og gjennom arbeid i alle fag utvikla grunnleggjande dugleik i digital kompetanse, slik at dei vert i stand til å utnytta digitale verktøy i læringsarbeidet.

### Utstyrsmål for skulane

- Skulane sin IKT-infrastruktur fungerer stabilt og vert styrt sentralt.
- Skulane skal ha nok og velfungerande digitalt utstyr.

IKT planen er nettbasert og ligg til ein kvar tid i oppdatert versjon på Fitjar kommune si heimesida.

http://fitjar.iktplan.no

## IKT – pedagogisk plattform og gevinstrealisering

Fitjar kommune ynskjer å prøva ut Chromebook som eit alternativ til pc. Ein ynskjer ei heildigitalisering av skulekvardagen, og ein skal i gang med nokon pilotklassar frå 01.01.2019. Ein har i prosessen bedt skulane komme med søkjarar som ynskjer delta i prosjektet og som i ulik grad skal sjå på:

- Bruk av IKT i undervisninga, gå meir vekk frå læreplanverk.
- Andre undervisningsmetodar og arbeidsmetodar
- Meir heilskapleg bruk av IKT i skulen

- Fokus på brukarvennlegheit og varigheit på maskinpark

Ein ynskjer å nytte Chromebook i undervisninga på 1.-7.trinn på alle skulane, men grunna føringar for eksamen ynskjer ein framleis å halde fram med pc på ungdomstrinnet. Her vil ein kunne nytte fullversjonar av Office365 som støttar dei eksamensvariantane som UDIR legg opp til. Dersom dei legg om på dette vil ein vurdere å nytte Chromebook på alle elevar.

Det er fleire samarbeidskommunar som nyttar Chromebook og Fitjar kommune har tett samarbeid og dialog med kommunane for å gjere gode val vidare.

Fleire og fleire skular og barnehagar nyttar no elektronisk meldingsbok til dømes Transponder. Dette er eit elektronisk verktøy kor skule og heim kan sende meldingar til kvarandre og ein kjem direkte til mottakar. Ein får ei betre sikring på at meldingar frå skulen kjem til foreldre, og ikkje blir gløymt ein stad, og same for meldingar frå foreldre til skule, at dei kjem direkte til kontaktlærar. Ein vil også med eit slikt system ha oversikt over meldingar som er sendt og motteke. Dette er eit godt verktøy sett mot kvalitetssikringssystem, kor ein kan sjå dialog mellom heim og skule. Dersom ein sitt i eit møtepunkt eller får ein tilbakemelding om at ein ikkje har fått melding, vere seg skule eller heim, kan ein gå inn på den enkelte elev i Transponder og sjå kva som er sendt, av kven og når. Fitjarskulane har ikkje dette per i dag, men det er noko ein ser på som eit alternativ i kommunikasjon mellom heim og skule for å sikre den gode overføringa av informasjon med korte beskjedar.  IKT løysingane i klasseromma,  for betre samspel mellom skole og heim, og i administrasjonen bør føre til gevinstrealisering .




Koding, Rimbareid skule

# Nærmiljøprinsippet – krinsgrenser

I Opplæringslova § 8 – 1 står følgjande

*«Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.*

*To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen. Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:*

a) *opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda*
b) *soknar til*
c) *det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnader til skyssordning*
d) *varigheita på avtalen*
e) *reglar for å tre ut av og avvikle samarbeidet, og*
f) *anna som etter lov krev avtale.*

*Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.*
*Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg1 lang.»*

Fitjar kommune hadde tidlegare krinsgrenser. Krinsgrensene vart oppheva i juli 1997 jf. kommunestyresak K 67/96.

Kva som ligg i nærskuleprinsippet vert utdjupa i merknadar i Ot. prop nr 46:

*«Vurdering av kva for skole som er nærmast, skal ta utgangspunkt i geografiske forhold, men skal også ta omsyn til andre relevante forhold, til dømes om sysken er plassert på den same skolen, kapasiteten på skolane og om skolevegen er farleg."*

For dei 3 skulane i kommunen er det ryddige forhold i høve til kva for ein skule ein soknar til:

## Selevik

Geografiske tilhøve som grenselina mot Stord kommune i sør og enden på vegen mot Westerheim i nord legg ramma for det området som soknar til Selevik skule.

### Øvrebygda – Rimbareid
Her kan det vera meir rom for tolkingar, men lang historie og praksis syner at elevane frå Aarbø og Helland nord har Øvrebygda skule som sin nærskule, medan elevane frå Tveita og Synningjo går til Rimbareid skule.

Fitjar kommune kan gjera endringar i denne strukturen (nærmiljøprinsippet) ved å laga lokale forskrifter som skisserer andre krinsgrenser.



1.klasse på Rimbareid på Rimsvarden og laga softis

## Spesialundervi

### § 5-1.Rett til spesialundervisning
*Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.*

*I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetalet som gjeld andre elevar, jf. § 2-2 og § 3-2.*

Det er ei målsetjing i planperioden at tal elevar med spesialundervisning skal ned til ca 6 – 7 %.




Hausten 2018 vert det lagt ut 215 timar (247 i timar i 2017) til spesialundervisning. Dette tilsvarar om lag 8,7 stillingar. Kostnaden er estimert til om lag kr 5.959.000,-. Kostnadane til PPT (samarbeid med Stord) var i 2017 kr 1,3 millionar. Kommunen held no på med forhandlingar for ny avtale.

Tiltak som er iverksett for å redusere behov for spesialundervisning:

- Lærelyst – tidleg innsats og kvalitet i skulen

  Faglege vanskar som byrjar i det små dei første åra, kan vekse og være store når ungdomsskulen nærmar seg. I verste fall kan det medføre at elevar mister meistringskjensle og motivasjon og droppar ut av skulen. Difor er tidleg innsats så viktig.
  *«Regjeringen foreslår derfor å gi kommunene en plikt til å tilby intensiv opplæring til elever som henger etter i lesing, skriving eller regning på 1. – 4. trinn.»*
  I vår kommune har vi for skuleåret 2017/2018 opprette eit lærande nettverk for dei lærarane som har tidleg innsats timar. Det faglege innhaldet styrast av HVL (Høgskulen på Vestlandet) og skulane bidreg sjølv med metodar og utprøving av metodikk som HVL legg fram.
- Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) er eit satsting som Fitjar kommune held på med implementering av, kor målet er å komme så tidleg på banen når ein er uro for eit barn. Det kan være ei fagleg og / eller ei sosial uro, og målet er å komme så tidleg inn at utfordringane ikkje veks og blir uhandterlege. Som for tidleg innsats er utgangspunktet at ein ynskjer at alle barn skal få like moglegheiter til å følgje utdanningsløpet. Les meir på www.fitjar.betreinnsats.no.

Ein hadde som mål i den førre skulebruksplanen at ein skulle revidere «Plan for sakshandsaming i skule og barnehage». UDIR har gode rettleiarar for dette arbeidet som til ein kvar tid er oppdatert med ny forsking og oppdatert informasjon. Der fins ein for barnehage og ein for skule. Ein ser ikkje behovet for ein eigen rettleiar for Fitjar kommune i denne perioden, men ei rutine for sakshandsaming for skule og barnehage. Denne skal ein få på plass innan våren 2019.

### Inkluderande fellesskap for barn og unge – ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskilt opplæring

Våren 2018 kom ein rapport frå ei ekspertgruppe som har jobba med Thomas Nordahl kor ein ser på elevane sitt utbyte av spesialundervisning i skulen. Ekspertgruppa konkluderer med at ein i dag har eit lite funksjonelt og ekskluderande spesialpedagogisk system for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging. Konklusjonen byggar på:




- Eit ekskluderande system
- Manglande kompetanse
- Det ventast for lenge
- Lave forventningar og lite tilfredsstillande læring og utvikling
- Det nyttast for mykje tid på arbeid med sakkunnige vurderingar
- Berre 4 av 10 barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging får hjelp
- Det eksisterer ikkje klare kvalitetskrav til praksis og oppfølging på læring og utvikling
- PPT og StatPed har for stor avstand til den daglege praksisen i skule og barnehage

(s. 215 – 217)

Her er nokon av punkta frå rapporten som er verd å merka seg:

- Forskningsprosjektet SPEED har gjennomført like kartleggingsprøver i lesing og regning for elever fra 5. til 9. klasse med ett års mellomrom for å analysere den fremgang elevene har i løpet av et år. Her ble elever som mottar spesialundervisning, sammenlignet med de 20 prosent mest lavtpresterende av de øvrige elevene som ikke mottar spesialundervisning. I den første kartleggingen skåret elevene som mottar spesial undervisning, svakt dårligere enn de lavtpresterende. Resultatene viste at elever som mottar spesialundervisning, har en mindre fremgang i lesing og regning i løpet av ett år enn de 20 prosent mest lavtpresterende av de øvrige elevene (Haug, 2017). Dette innebærer at elevene som mottar hjelp og støtte i form av spesialundervisning, har hatt mindre progresjon i læring i lesing og regning i løpet av ett år enn lavtpresterende elever som har vært i vanlig klasse uten ekstra hjelp og støtte. Læringsutbytte til elevene i denne studien betraktes derfor som lite tilfredstillende. (s.116 – 117)
- Dagens situasjon og utfordringsbilde er samlet sett slik at en rekke elever/barn med særlige behov ikke opplever den tilpasning av opplæringstilbudet og det sosiale og faglig-kulturelle fellesskapet som intensjonene om en inkluderende skole og barnehage tilsier (Buli-Holmberg, Nilsen & Skogen, 2015; Nilsen, 2017). (s. 118)
- Teknologi kan bidra til å inkludere elever med særskilte behov i den ordinære undervisningen. Tilgjengelighetsfunksjoner som forstørring av innhold, justering av farger og

fonter, tekst til tale og opplesing av knapper og funksjoner, forsterket støtte til tekstproduksjon, tilpassede læremidler og fl ere tilsvarende muligheter, gjør at elever med tilstrekkelige tekniske ferdigheter og tilgang på hensiktsmessig teknologi lettere 125 3 Grunnskole kan få tilpasset sin undervisning som del av den øvrige elevgruppen. Teknologi kan tilpasses den enkelte, ikke bare de med særskilte behov, og slik blir det også mindre stigmatiserende å jobbe med annet innhold enn de øvrige. (s. 124-125)

- I planperioden bør Fitjar kommune omstille frå bruk av spesialundervisning til tilpassa opplæring for elevane Jfr måla innleiingsvis.

# Skuleskyss / skuleveg / trafikksikring

## Skuleskyss

Rett til skyss i grunnskulen går fram av opplæringslova § 7-1 :
*«Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.»*

Vidare legg lovverket til grunn at dersom det ligg føre særleg farleg skuleveg vert det gjeve høve til å fråvika skyssgrensene for elevane. Dette skjer etter ei vurdering av kvart einskild tilfelle for den enkelte elev. Skulesjef / Hordaland fylkeskommune er avgjerdsmynde.

Her vil ein vurdera kvart einskild tilfelle ut frå:

- Trygg trafikk: Rettleiar: særleg farleg eller vanskeleg skuleveg
- Rundskriv Udir -3-2009
- Trafikksikringsplan for Fitjar 2014-2022
- Opplysningar frå Statens vegvesen
- Synfaring på staden

Kommunen ynskjer at flest mogeleg av elevane skal gå til og frå skulen. Dette er svært viktig sett frå eit folkehelseperspektiv.

I dag har elevane på barnetrinnet frå Stranda og Osternes krinsen skuleskyss. På ungdomssteget er det skyss frå Stranda, Osternes, Øvrebygda og Selevik. I tillegg er det ein del 1. klassingar som får skyss det første skuleåret.

### Kostnadar til skuleskyss

Dei samla kostnadane til skuleskyss er i budsjettet for 2018 kostnadsrekna til kr 1.080.000.
Dei samla kostnadane til badekøyring/til ulike arrangement etc er kostnadsrekna til kr 150.000,-.

I høve dei ulike alternativa vil dei samla kostnadane til skuleskyss auka i tråd med kva alternativ som vert valt. Kostnadane til badekøyring/til ulike arrangement vil berre bli redusert monaleg dersom ein samlar alle elevane ved Rimbareid skule.

#### *Tidsbruk og kostnadar ved ulike alternativ for skulestruktur:*

- Alternativ 1 – Leggje ned grendaskulane, alle elevane til Rimbareid.
    - Auka skysskostnadar 775.200,-
- Alternativ 2 – Øvrebygda blir ein 1.-4.skule for elevar frå Øvrebygda og Selevik, alle elevane frå 5.-7.trinn flyttast til Rimbareid.
    - Auka skysskostnadar 164.160,-

- Alternativ 3 – Flytte elevane frå Øvrebygda til Rimbareud, og halde Selevik slik den er i dag.
    - Auka skysskostnadar 501.600,-.

## Skuleveg

Skulevegane i kommunen er svært varierte. I sentrumsnære strøk er det mange område som har gang og sykkelsti. På deler av vegen vil dei likevel kunna koma inn på smale vegar utan fortau.
I 2017 -2018 har Fitjar kommune gjort utbetringar på vegen frå Vik til sentrum, slik at dei barna som kjem derfrå no går på fortau heile vegen til skulen. Frå andre sentrumsnære strøk vil barna berre gå på smale vegar utan fortau.

For skulane i Øvrebygda og Selevik går elevane langs fylkesvegen. Her er det ikkje fortau. Frå Øvrebygda skule til Lio har vegen vore utbetra i 2017 med gang- og sykkelsti. Ein fekk i 2016 eit vedtak om skuleskyss grunna farleg skuleveg for dei elevane som soknar til Øvrebygda og som må gå langs F545.

## Trafikksikring

I planperioden vil det bli utført trafikksikringstiltak i sentrum. Vidare må det vurderast ulike trafikksikringstiltak på alle vegane der det går skulebarn.
Viser til trafikksikringsplanen for Fitjar kommune.

# Skulefritidsordning og leksehjelp

## Skulefritidsordning

I opplæringslova står det:
§ 13-7.Skolefritidsordninga
*«Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.»*

I Fitjar har ein hatt Skulefritidsordning ved alle skulane i samsvar med lovkravet. Øvrebygda og Rimbareid har nokså stabil bruk av skulefritidsordninga.

### Rimbare*id*

SFO på Rimbareid opnar kl. 06:45 - 08:45. SFO opnar igjen kl. 13:10 – 16:15 måndag til fredag. Våren 2018 er det totalt 49 elevar på SFO. Kostnadane for SFO på Rimbareid er i dag ca 650.000,-. Dette er netto kostnadar når foreldrebetalinga er lagt inn som inntekt.

### Øvrebygda

SFO har eit differensiert tilbod frå 10 til 20 timar i veka. SFO opnar klokka 07.00 og er open til kl 08.30. SFO opnar igjen klokka 13.30 og er open til klokka 16.00. På fredagen opnar SFO kl 12.30 då 1.klasse sluttar ein time tidlegare. Pr. dd er det 10 påmeldte elevar på SFO. Kostnadar ved SFO på Øvrebygda er ca 370.000,-.

### Selevik

SFO ordninga ved Selevik skule går føre seg i privat regi. Det er Dåfjorden barnehage som har teke på seg dette ansvaret. Fitjar kommune gir støtte til denne ordninga med kr 150.000,- i 2018. Det er om lag 10 barn som nyttar seg av dette tilbodet. Det har vore litt ulik lokasjon på SFO i Dåfjorden. Ein har hatt SFO tilbod i barnehagen fram til våren 2017. Men frå hausten 2017 blei SFO flytta til skulen, men det er barnehagen som driftar SFO ordninga. Kommunen har gjeve tilskott til Dåfjorden barnehage

for å sikra dei barna som treng Skulefritidsordning eit tilbod. Lova krev at ein skal ha lokale vedtekter for Skulefritidsordninga. Drifta vert ført i tråd med desse og vedtektene vart sist revidert 03.12.2013.

## Leksehjelp

I opplæringslova står det:
§ 13-7a.Plikt for kommunen til å ha tilbod om leksehjelp
*«Kommunen skal ha eit tilbod om leksehjelp for alle elevar.*
*Tilbodet skal vere gratis for elevane. Elevane skal ha rett til å delta på leksehjelptilbodet, men det skal vere frivillig om dei ønskjer å delta.»*

Alle skulane har tilbod om  frivillig leksehjelp til 1.-7.trinn, slik lova krev. Politikarane i Fitjar kommune gjorde eit vedtak på leksehjelp 02.06.2015.

| Skule | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag |
|---|---|---|---|---|
| **Rimbareid** | | | | |
| **3.-6.trinn** | | 07:55 . 08:40 | | 07:55 – 08:40 |
| **5.-6.trinn** | | | 07:40 – 08:40 | |
| **Øvrebygda** | | | | |
| **3.-4.trinn** | 13:30 – 14:45 | | | |
| **5.-7.trinn** | | 13:30 . 14:15 | | 13:30 – 14:15 |
| **3.trinn** | | | 13:30 – 14:15 | |
| **Selevik** | 14:10 – 15:00 | | 14:10 – 15:00 | 14:10 – 15:00 |

Dei som er på SFO får redusert foreldrebetaling den tida dei er på leksehjelpa. Leksehjelpa føregår i klasseromma på skulen.

Dersom ein går for ei endring i skulestrukturen kor Rimbareid skule vil få elevar frå grendaskulane med rett på leksehjelp må ein gjere nokon endringar her grunna at tidspunkt for leksehjelp skal samsvara med skyss. Rimbareid skule har leksehjelp for 3.-7.trinn, og dei er ikkje ferdig til same tid dei ulike dagane. 5.-6.trinn er ferdig kl.14.05 tre dagar i veka, slik at det ikkje går å nå skyssen då om dei skal ha leksehjelp etter skuletida.

Rimbareid skule er den einaste skulen med leksehjelp på morgonen. Dette vil vere ei utfordring med elevar som treng skyss til skulen frå dei andre skulane. Årsaka til denne organisering på Rimbareid er:

- Leksehjelpa om ettermiddagen blei nytta som gratis SFO.
- Ein stor del av skuleelevane gjekk på leksehjelp, trøtte og leie etter skuledagen, utan motivasjon for å gjera lekser.
- Det blei svært store grupper og situasjonen blei uhandterleg for assistentane som har leksehjelpa.

Det kan vera at ein vil trenga meir ressursar om ein vil ha det på ettermiddagstid. Erfaringa til Rimbareid skule er at det har fungert godt å ha leksehjelpa på morgonen.

# Foreldresamarbeid

Opplæringslova §§ 1-1 og 13-3d fastset at opplæringa i skulen (og lærebedriften) skal være i samarbeid med og i forståelse med hjemmet.

For at samarbeidet med skulen skal fungera godt er det viktig at følgjande er på plass:

- Foreldra opplever tillit og trygghet til skulen
- Foreldra opplever god informasjon frå skulen

- Foreldre og skule er lojale i høve til kvarandre si rolle og opplever samarbeidet som positivt.

Skulane har følgjande element på plass for å sikra samarbeidet:
- Klassekontakt: kvar klasse vel to klassekontaktar som deltek i m.a. FAU
- FAU (foreldreutval) som har jamnlege møter med leiinga på skulen
- SMU (Skulemiljøutval) som har rett til å uttala seg i alle saker som vedkjem skulemiljø. Foreldre og elevar er i fleirtal.
- SU (Samarbeidsutval) her har rektor rett til å koma med framlegg og tale
- Foreldremedverknad

Samarbeid med heimen vil vera sentralt element i kvalitetssystemet for opplæringa.

- Brukarmedverknad
- Brukarundersøkingar

Ein ser også at positivt foreldresamarbeid er viktig god elevane sitt læringsutbyte. Difor er det viktig med eit positivt fokus på samarbeid, og at skulen legg til rette for dette. Dette er også ein del som blir følgt opp i dialogmøta mellom skule og skulekontoret kvart år.

# Elevane sitt læringsutbyte

Elevane sitt læringsutbyte blir målt gjennom ulike brukarundersøkingar som:

- Nasjonale prøvar
- Elevundersøkinga
- Eksamens resultat
- Grunnskulepoeng

Målsettinga til Fitjar kommune er å halde seg på nasjonalt nivå eller over, og ein ynskjer at ein skal ha færre elevar på lågaste nivå og flest elevar på høgaste nivå. Desse undersøkingane gjev grunnlag for dialogsamtalane som skulekontoret har kvart år med skulane. Ein har også i desse dialogmøta eigne møtepunkt med elevråda kor ein tek for seg resultata frå Elevundersøkinga, nasjonale og andre interne undersøkingar på kvar skule.

# Elevane sitt psykososiale læringsmiljø

Skulane har over tid hatt eit fokus på elevane sitt psykososiale læringsmiljø, og ein har jobba systematisk med tema over alle trinn.

- 1.-4.trinn har jobbar med Zippys vener. Dette er timeplanfesta og ein har eit opplegg ein følgje for dei einskilde timane. Ein har også utdanna Zippys vener rettleiarar på dei ulike skulane.
- 5.-7.trinn jobbar med «Det er mitt val».
- 8.-10.trinn er med i satsinga MOT. Her har ein også utdanna MOT rettleiarar over tid.



Kampanjeveka mot mobbing Rimbareid skule

Skulekontoret har ein gong i året dialogmøter på skulane. Her er det blant anna oppfølging av utvalte resultat i Elevundersøkinga som ein går gjennom i elevråda:

- Mobbing
- Trivsel
- Relasjon vaksen – elev
- Motivasjon
- Samarbeid skule – heim

Dei klassane som deltek har også ein gjennomgang av undersøkinga i klassane med sine kontaktlærarar. Det er 7. og 10.trinn som deltek på denne undersøkinga.

Fitjar kommune er med i satsinga «Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø», som er veldig sentral i elevane sitt psykososiale miljø, og ein har rutinar for BTI (Betre Tverrfagleg Innsats / Barn som pårørande) som skal identifisere dei elevane som treng litt ekstra støtte av ulike orsakar.

På Rimbareid skule har ein i samarbeid med Bjarte Stubbhaug gjennomført eit år med stressmeistring på 3.,7. og 9.trinn. Dette har vore eit spennande prosjekt som Fitjar kommune ynskjer at alle skal få ta del i. Dei som har vore med på prosjektet har fått gode verktøy med seg vidare, og elevane opplever det som positivt.

Meir utfyllande informasjon om satsingar og arbeid elevane sitt psykososiale miljø vil ein få i Fitjar kommune sin kvalitetsplan.

# Overgang barnehage / skule

Fitjar kommune har ein overgangsplan som synar til samarbeid mellom barnehage og skule. Planen har eit årshjul som seie noko om kva som skal gjerast og kven som er ansvarleg. Skulekontoret føl opp planen og detaljane på månadlege leiarmøte, og ein har felles leiarmøte kor ein ser på eksisterande rutinar og eventuelle tiltak for forbetringar.

Planen blei sist revidert våren 2018, og er implementert frå skuleåret 2018/2019.

Siste versjon av overgangsplanen ligg på Fitjar kommune si heimesida.

# Overgang skule / vidaregåande skule

Rimbareid skule er den einaste skulen med ungdomsskule elevar, og difor den skulen som har eit samarbeid med Fitjar og Stord vidaregåande skule. Ein har ein plan for førebuing til vidaregåande som elevane føl frå 8.trinn til og med 10.trinn. Ein har ulike tilbod til dei ulike trinna:

**8. trinn**

Elevane har ein «jobbskyggedag», der dei føl ein vaksen sin arbeidsdag og observerer kva arbeidet går ut på. I tillegg skal dei skaffa seg informasjon, om kva utdanning personen har for å kvalifisera seg til denne jobben. Deling av erfaringar og informasjon i klassen etterpå.

**9. trinn**

- Faget «utdanningsval» timeplanfesta kvar veke. Faget er delt i tre:
  - «Personlege val»
  - «utdanning og yrke»
  - «arbeid»

  Her kjem og kunnskap om lokalt næringsliv inn. Viser elles til læreplanen.
- Rådgjevar / elevinspektør ved Fitjar Vg og Stord Vg kjem og informerer om sine tilbod.
- Elevane hospiterer ein dag i vidaregåande skule. Dei søkjer hospitering elektronisk på nettet, og må setja opp tre alternativ dei kan tenkja seg. Dette er ei fin førebuing til den eigentlege søknadsprosessen i 10. kl.
- Ei veke med yrkespraksis før sommaren.

**10. trinn**

- Rådgjevar informerer om tilboda i vidaregåande på foreldremøte, og oppmodar føresette til å ta kontakt om det er noko dei ynskjer å diskutera.
- Faget «utdanningsval» timeplanfesta kvar veke.
- Alle elevar får tilbod om interessetest og karrieresamtale hos rådgjevar.
- Elevane vel eit nytt programområde, som dei hospiterer på ein dag i vg. skule.
- Ei veke med yrkespraksis før jul.
- Klassen besøkjer Rotary si utdanningsmesse på Stord i skuletida, i tillegg inviterer Fitjar Næringsråd elevar og føresette til ei lokal messe annakvart år (elevane får då med seg den lokale messa anten i 9. eller 10. klasse)på kveldstid.
- Som regel besøkjer ein og Skuleskipet Gann, for å sjå ein anna type vidaregåande skule og få informasjon om maritime næringar.
- Før søknadsfristen går ut, får alle elevar tilbod om ny time hos rådgjevar og praktisk hjelp til å søkja.
- Det vert avhalde overføringsmøte mellom rådgjevarane på ungdomskulane og dei vidaregåande skulane på Stord og Fitjar.
- For elevar med særskilte behov, organiserer rådgjevar eigne møter mellom grunnskule, vidaregåande skule og føresette. Føresette får omvising og orientering om tilboda i vidaregåande og dei elevane som ynskjer/ treng det, får og ekstra dagar med hospitering.

# Bibliotektenesta – samarbeid med skulane
Samarbeidet som er mellom biblioteket og skulane er opparbeida gjennom fleire års praksis.

Biblioteket tilbyr skulane:

- Bokkassar. Klassane kan bestille bøker tilpassa alder og vanskegrad. Biblioteket plukkar ut og lagar til kassar. Skulane kan ha kassane 2-3 månadar. Dette skuleåret er det laga til 33 kassar. Kvar kasse inneheld ca 40 bøker.
- Biblioteket lagar til forfattarbesøk (DKS-midlar) for 1.klasse, 4.klasse, 7.klasse og 10.klasse. Nokon år når biblioteket har prosjektpengar er det også andre klassar som får besøk.
- Biblioteket tek imot klassebesøk etter avtale (eller spontant).
- Biblioteket arrangerer to lesekampanjar i året. Leseknappen er for 2.klasse. Her blir elevane invitert til biblioteket der dei får informasjon om leseknappen og mulighet til å sjå i/låne bøker. Les ungane 10 bøker får dei eit merke «leseknappen». Klassane vert invitert ned, men jobben gjer eleven heime. Dette er sjølvsagt frivillig. Biblioteket har også arrangert SommarLES. Dei siste åra har dette vore ein digital lesekampanje. Biblioteket har fått kome i klassane og reklamert for lesekampanjen før den startar 1.juni. Skulen har også hjelp til med å spreie informasjon til heimane ved å dele ut ranselpost. Fitjar har hatt god deltaking på sommarles (rundt 60%) og det tenker eg er mykje takka vere skulane som hjelper å spreie informasjon og oppmodar foreldre til å la barna deira vere med på lesekampanjen. Eg får også gode tilbakemeldingar frå skulane at dei merkar at ungane som har delteke profilerer på lesing.
- Elevane får lånekort i 1.klasse når dei vitjar biblioteket.

Skulane gjer tilbakemelding om at dette samarbeidet fungerer bra, og skulane er nøgde med tilbodet.

Skulebiblioteket ved Rimbareid har eit forholdsvis lite lokale (60 m2). Elevane har tilgang saman med vaksne 30 t/v. Nokre barneskuleklassar har eigne lånetimar i veka medan ungdomsskulen låner etter trong. Stort sett har dei fleste klassane stillelesingsbøker i klasseromma sine og skiftar desse ved trong for det.

Øvrebygda skule har eit nyoppussa bibliotek med ei boksamling som elevane lånar bøker frå til å lesa i klassen og heime. I tillegg hentar dei bøker når dei har om spesielle tema. Skulen har fokus på lesing, og klassane får opp eigen bokkassar frå biblioteket med tilpassa bøker for 1. - 2.kl., 3. - 4.kl. og 5. - 7.kl. Dei er også på bibliotekbesøk i 2.kl..

Elevane vert inviterte på forfattarbesøk i Falturiltu-festivalen på HVL. Då har dert vore ulike klassesteg som har fått tilbodet.

Skulebiblioteket ved Selevik skule har eit lokale på 20 m2. Me har eit godt utval bøker - totalt 1553 bøker: der 1105 er skjønnlitteratur, og 445 er faglitteratur.Biblioteket er alltid ope, og klassane har fast lånetid ein gong i veka.Skulen låner òg bøker frå bokbåten Epos to gongar i året. Elles nyttar ein folkebiblioteket ved behov, og er med på biblioteket sine leseprosjekt. Selevik skule
er med på lesekampanjen «Sommarles». Før eige leseprosjekt plar bibliotekar Silje koma til skulen med nokre kassar med bøker som ein får låna. Ho viser/les ein del av bøkene – i kvar klasse. Dette opplevast som veldig kjekt for elevane og dei blir kjende med ho.



Selevik skule vitjar Bokbåten

# Vedlegg til planen

**Andre alternativ til skulestruktur som er vurdert, men som ikkje imøtekjem det økonomiske oppdraget administrasjonen har fått og ikkje blir utgreia meir.**

## Alternativ 4 – flytte 7.trinn frå Selevik og Øvrebygda til Rimbareid skule

Talet på elevar som kan bli overflytta i åra som kjem. (Samla frå Selevik og Øvrebygda)

| | 2018/2019 | 2019/2020 | 2020/2021 | 2021/2022 | 2022/2023 | 2023/2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **7.trinn** | 9 | 10 | 15 | 9 | 16 | 17 |

**Oversyn totalt tal elever ved alternativ 4**

| | 2018-2019 | | 2019-2020 | | 2020-2021 | | 2021-2022 | | 2022-2023 | | 2023-2024 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Trinn** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** |
| **1.trinn** | 30 | 2 | 23 | 1 | 31 | 2 | 30 | 2 | 25 | 1 | 31 | 2 |
| **2.tirnn** | 27 | 2 | 30 | 2 | 23 | 1 | 31 | 2 | 30 | 2 | 25 | 1 |
| **3.trinn** | 34 | 2 | 27 | 2 | 30 | 2 | 23 | 1 | 31 | 2 | 30 | 2 |
| **4.trinn** | 34 | 2 | 34 | 2 | 27 | 2 | 30 | 2 | 23 | 1 | 31 | 2 |
| **5.trinn** | 24 | 1 | 34 | 2 | 34 | 2 | 27 | 2 | 30 | 2 | 23 | 1 |
| **6.trinn** | 38 | 2 | 24 | 1 | 34 | 2 | 34 | 2 | 27 | 2 | 30 | 2 |
| **7.trinn** | 35 | 2 | 38 | 2 | 24 | 1 | 34 | 2 | 34 | 2 | 27 | 2 |
| **8.trinn** | 47 | 2 | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 | 43 | 2 | 50 | 2 |
| **9.trinn** | 57 | 2 | 47 | 2 | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 | 43 | 2 |
| **10.trinn** | 52 | 2 | 57 | 2 | 47 | 2 | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 |
| **Totalt** | 378 | 19 | 358 | 18 | 342 | 18 | 340 | 19 | 330 | 18 | 329 | 18 |

Ei slik overføring vil føra til klassedeling ved  Rimbareid skule skuleåret 2020/2021.

Innsparingspotensialet  for ei slik løysing vil kunna vera:
Reduksjon av 29 elevtimar ved kvar av skulane. Noko som tilsvarar 1,1 lærarstilling ved kvar skule.

| Beskrivelse | Forklaring tal | Sum | | |
|---|---|---|---|---|
| **Kostnadsreduksjon** | kr. 712.000,- * 2,2 | 1 566 400 | Haust | 652 600 |
| **- Skyssutgifter** | kr. 24 * 2 * 190 * 13(elevsnitt) | 118 560 | Haust | 49 400 |
| **Samla innsparing** | | **1 447 840** | Haust | 603 300 |

NB! Innsparinga vil skuleåret 2020/2021 vera på kr 664.640,-
Overføring av eventuell spesialundervisning vil følgja eleven sitt vedtak.

### *Konsekvensar:*

Selevik og Øvrebygda «misser» dei eldste elevane som vert sett på som ein ressurs ved dei to skulane.  Skulane vert 2 delte og 3 delte.  Ein overgang til todelt skule ved Selevik er ikkje ei god pedagogisk løysing. Ved  fådelte skular vert årsplanane lagt opp annleis enn ved Rimbareid skule. Ein må derfor samordna planane slik at elevane er på same «spor» (Har gått igjennom dei same kompetansemåla ved overgangen til Rimbareid) Dette må samordnast i god tid.

## Alternativ 5 - flytta 5. – 7. trinn frå Øvrebygda og Selevik skule - 1.– 4. klasse blir verande på dei respektive skulane

Talet på elevar som kan bli overflytta i åra som kjem. (Samla frå Selevik og Øvrebygda)

| | 2018/2019 | 2019/2020 | 2020/2021 | 2021/2022 | 2022/2023 | 2023/2024 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **5.trinn** | 15 | 9 | 16 | 17 | 9 | 14 |
| **6.trinn** | 10 | 15 | 9 | 16 | 17 | 9 |
| **7.trinn** | 9 | 10 | 15 | 9 | 16 | 17 |
| **Samla** | 34 | 34 | 40 | 42 | 42 | 40 |

**Oversyn totalt tal elevar ved alternativ 5**

| | 2018-2019 | | 2019-2020 | | 2020-2021 | | 2021-2022 | | 2022-2023 | | 2023-2024 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Trinn** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** |
| **1.trinn** | 30 | 2 | 23 | 1 | 31 | 2 | 30 | 2 | 25 | 1 | 31 | 2 |
| **2.tirnn** | 27 | 1 | 30 | 2 | 23 | 1 | 31 | 2 | 30 | 2 | 25 | 1 |
| **3.trinn** | 34 | 2 | 27 | 1 | 30 | 2 | 23 | 1 | 31 | 2 | 30 | 2 |
| **4.trinn** | 34 | 2 | 34 | 2 | 27 | 1 | 30 | 2 | 23 | 1 | 31 | 2 |
| **5.trinn** | 39 | 2 | 43 | 2 | 50 | 2 | 44 | 2 | 39 | 2 | 37 | 2 |
| **6.trinn** | 48 | 2 | 39 | 2 | 43 | 2 | 50 | 2 | 44 | 1 | 39 | 2 |
| **7.trinn** | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 | 43 | 2 | 50 | 2 | 44 | 2 |
| **8.trinn** | 47 | 2 | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 | 43 | 2 | 50 | 2 |
| **9.trinn** | 57 | 2 | 47 | 2 | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 | 43 | 2 |
| **10.trinn** | 52 | 2 | 57 | 2 | 47 | 2 | 44 | 2 | 48 | 2 | 39 | 2 |
| **Totalt** | 412 | 19 | 392 | 18 | 382 | 18 | 382 | 19 | 372 | 17 | 369 | 19 |

Dei tala som er merka med rødt synar til at ein må auka tal klassar på det trinnet sett mot det ein ville hatt dersom ein ikkje flyttar elevar frå grendaskulane.

Ei slik overføring vil føra til klassedeling ved Rimbareid skule skuleåret 2018/2019.

Kostnadane til denne delinga dreg ein med seg vidare i 2019-2020 og i 2020-2021.
Full effekt vil ein få 2021-2022 og 2022-2023. Behov for ny deling i 2023 - 2024

Innsparingspotensialet for ei slik løysing vil kunna vera:
Reduksjon av 29 elevtimar ved kvar av skulane på 7. trinn. Noko som tilsvarar 1,1 lærarstilling ved kvar skule. I tillegg vil ein få ein reduksjon på 5.- 6. trinn ved Øvrebygda. tilsvarande 28 timar.

| Beskrivelse | Forklaring tal | Sum | | |
|---|---|---|---|---|
| **Kostnadsreduksjon** | kr. 712.000,- * 2,2 | 1 566 400 | Haust | 652 600 |
| **Kostnadsreduksjon** | kr. 712.000,- * 1,07 | 761 800 | Haust | 317400 |
| **- Skyssutgifter** | kr. 24 * 2 * 190 * 40(elevsnitt) | 364 800 | Haust | 152 000 |
| **Samla innsparing** | | **1 963 400** | Haust | 818 100 |

**NB! Innsparinga vil skuleåra 2018/2021 og 2023 - 2024 vera på kr 1.180.200,- (årsverknad)**
Overføring av eventuell spesialundervisning vil følgja eleven sitt vedtak.

### *Konsekvensar*

Selevik og Øvrebygda «misser» dei eldste elevane som vert sett på som ein ressurs ved dei to skulane. Skulane vert 2 delte med 1.- 2. trinn i lag og 3.-4. trinn i lag. Ein overgang til todelt skule er ikkje ei god pedagogisk løysing. Det vert også ein kollegial situasjon for dei tilsette som er lite tenleg. Ved fådelte skular vert årsplanane lagt opp annleis enn ved Rimbareid skule. Ein må derfor

samordna planane slik at elevane er på same «spor» (Har gått igjennom dei same kompetansemåla ved overgangen til Rimbareid) Dette må samordnast i god tid.

### *Bygningsmessige konsekvensar for Rimbareid skule*

- Auke på rundt 30 elevar
- Kan ta inn elevane i eksisterande klassar (opp til 24 elevar).
- Auka slitasje på personal og bygg.

### *Praktiske utfordringar*

- Ikkje plass til alle elevane i Amfirommet (ved fellessamlingar)
- Har ulik størrelse på klasseromma (mellom 30 og 80 kvadratmeter på småskuletrinnet). Dei fleste ligg mellom 57 og 69. Kan ikkje har store klassar i alle rom.
- Ulik størrelse på klasseromma også på mellomtrinnet (mellom 48 og 70 kvadratmeter). Kan ikkje ha store klassar (over 24) i meir enn to av 6 rom.
- Gymsalen sprengt allereie (alle elevar kan då ikkje ha gym inne)
- Større press på spesialromma. Redusert bruk på kvar klasse
- Trongare  (og meir knuffing/ konfliktar) i gongane
- Mindre plass på uteområda. Meir press og konflikt rundt leikeapparat, ballbinge og overbygd uteplass. Også press på uteområda nær skulen.
- Meir uoversiktleg og større fare for mobbing i gongar og på uteareal
- Treng meir vakthald inne og ute i friminutta
- Større slitasje på personalet
- Større slitasje på bygningar og på utstyr som er i bruk inne og ute
- Meir behov for reinhald. Kapasitet sprengt i dag (treng fleire folk).
- Meir trafikk mot skulen/ Fleire elevar av og på bussar og drosjer. Auka risiko for ulukker?
- Treng truleg også fleire parkeringsplassar. Fleire elevar fører ikkje berre til fleire tilsette, men også fleire besøkande til skulen

## Alternativ 6 - flytta alle elevane frå Selevik skule til Øvrebygda skule

Skyssutgifter kr 24 *2* 190* 31 (elevsnitt) kr 273.600,-
Innsparing byggkostnadar Selevik kr 215.000,-
Resten blir ei overføring av personale sidan Øvrebygda då blir fulldelt. Her vert det ingenting å henta økonomisk.

**Oversyn totalt tal elevar ved alternativ 6**

| | 2018-2019 | | 2019-2020 | | 2020-2021 | | 2021-2022 | | 2022-2023 | | 2023-2024 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Trinn** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** | **Elevtal** | **K** |
| **1.trinn** | 9 | 1 | 14 | 1 | 8 | 1 | 11 | 1 | 10 | 1 | 10 | 1 |
| **2.tirnn** | 17 | 1 | 9 | 1 | 14 | 1 | 8 | 1 | 11 | 1 | 10 | 1 |
| **3.trinn** | 16 | 1 | 17 | 1 | 9 | 1 | 14 | 1 | 8 | 1 | 11 | 1 |
| **4.trinn** | 9 | 1 | 16 | 1 | 17 | 1 | 9 | 1 | 14 | 1 | 8 | 1 |
| **5.trinn** | 15 | 1 | 9 | 1 | 16 | 1 | 17 | 1 | 9 | 1 | 14 | 1 |
| **6.trinn** | 10 | 1 | 15 | 1 | 9 | 1 | 16 | 1 | 17 | 1 | 9 | 1 |
| **7.trinn** | 9 | 1 | 10 | 1 | 15 | 1 | 9 | 1 | 16 | 1 | 17 | 1 |
| **Totalt** | 85 | 7 | 90 | 7 | 88 | 7 | 84 | 7 | 85 | 7 | 79 | 7 |

Dei tala som er merka med rødt synar til at ein må auka tal klassar på det trinnet sett mot det ein ville hatt dersom ein ikkje flyttar elevar frå Selevik.

### *Konsekvensar*

Øvrebygda vil da være ein fulldelt skule, og ein vil få eit større fagleg miljø for tilsette og elevar. Ein vil ikkje få ein økonomisk vinst med dette alternativet grunna at Øvrebygda vil bli fulldelt. Ein vil få auka kostnad til lærararbeidsplassar / personalrom og ein vil få ei auke i skysskostnadar. Ein ser også for seg at dette vil medføre auka press på tenleg bygningsmasse.

# **Lærarnorma** – utrekning av konsekvens for dei ulike alternativa i Skulebruksplanen

## Alternativ 1 side 27 – Alle elevar til Rimbareid skule 2019 - 2020

Alt 1. Alle elevane til Rimbareid 2019 - 2020

| 1 - 4. trinn | Elevtimer | | | | | | | | | Spestimer | | | | | | | | | | | | SNO timer | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1.trinn | | 2.trinn | | 3.trinn | | 4.trinn | | | 1 - 75 timer | | 76 - 190 timer | | 191 - 270 timer | | 270 - timer | | | | | | antall trinn | 4 | | 1 - 4. trinn | | | | | |
| skole | Antall elever 1. trinn | Skolens timetalls-fordeling 1.trinn | Antall elever 2. trinn | Skolens timetalls-fordeling 2.trinn | Antall elever 3. trinn | Skolens timetalls-fordeling 3.trinn | Antall elever 4. trinn | Skolens timetalls-fordeling 4.trinn | Totalt elevtimer | Antall elever spes | 57 | Antall elever spes | 134 | Antall elever spes | 222 | Antall elever spes | 513 | Sum spes | Antall elever spes 1 - 4 trinn | Antall elever spes totalt skole | Totalt Spestimer | Antall elever SNO 1 - 4 trinn | 114 | Totalt SNO-timer | Årstimer ord. Under-visning (B18 i GSI) | Årstimer ord. Under-visning B18 i GSI | Gruppe-størrelse 2 | Timer lærer-norm 1 - 4. trinn | årsverk lærer-norm 1 - 4. trinn | Krav ekstra/ skolen oppfyller |
| Rimbareid | 37 | 684 | 39 | 713 | 44 | 713 | 50 | 741 | | 0 | | 0 | | 5 | | 3 | | | 8 | 32 | | 4 | | | 7852 | | | 15 | 741 | 741 |
| | 25308 | | 27807 | | 31372 | | 37050 | | 121537 | 0 | | 0 | | 1110 | | 1539 | | 2649 | 0,25 | | 662,25 | | | 114 | | 7852 | 15,3796167 | 8050,71667 | 10,8646649 | 0,26817364 |

7652 årstimar i dag
Fråtrekk two teachers 0,75 *8 * 38 = 228 timar
Tillegg 15 delingstimar 0,75 * 15 * 38 = 427,5 timar
Dette gir ein auke på 200 årstimar

| 5. - 7. trinn | Elevtimer | | | | | | | Spestimer | | | | | | | | | | | | SNO timer | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 5.trinn | | 6.trinn | | 7.trinn | | | 1 - 75 timer | | 76 - 190 timer | | 191 - 270 timer | | 270 - timer | | | | | | antall trinn | 3 | | 5 - 7. trinn | | | | | |
| skole | Antall elever 5. trinn | Skolens timetalls-fordeling 5.trinn | Antall elever 6. trinn | Skolens timetalls-fordeling 6.trinn | Antall elever 7. trinn | Skolens timetalls-fordeling 7.trinn | Totalt elevtimer | Antall elever spes | 57 | Antall elever spes | 134 | Antall elever spes | 222 | Antall elever spes | 513 | Sum spes | Antall elever spes 5 - 7 trinn | Antall elever spes totalt skole | Totalt Spestimer | Antall elever SNO 5 - 7 trinn | 114 | Totalt SNO-timer | Årstimer ord. Under-visning (B18 i GSI) | Årstimer ord. Under-visning B18 i GSI | Gruppe-størrelse 2 | Timer lærer-norm 5-7. trinn | årsverk lærer-norm 1 - 4. trinn | Krav ekstra/ skolen oppfyller |
| Rimbareid | 43 | 770 | 39 | 779 | 48 | 798 | | 0 | | 3 | | 2 | | 1 | | | 6 | 32 | | 4 | | | 5666 | | | 20 | 741 | 741 |
| | 33110 | | 30381 | | 38304 | | 101795 | 0 | | 402 | | 444 | | 513 | | 1359 | 0,1875 | | 254,8125 | | | 114 | | 5666 | 17,900845 | 5071,30938 | 6,8438723 | -0,80255145 |

| 8. - 10. trinn | Elevtimer | | | | | | | Spestimer | | | | | | | | | | | | SNO timer | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 8.trinn | | 9.trinn | | 10.trinn | | | 1 - 75 timer | | 76 - 190 timer | | 191 - 270 timer | | 270 - timer | | | | | | antall trinn | 3 | | 8 - 10. trinn | | | | | |
| skole | Antall elever 8. trinn | Skolens timetalls-fordeling 8.trinn | Antall elever 9. trinn | Skolens timetalls-fordeling 9.trinn | Antall elever 10. trinn | Skolens timetalls-fordeling 10.trinn | Totalt elevtimer | Antall elever spes | 57 | Antall elever spes | 134 | Antall elever spes | 222 | Antall elever spes | 513 | Sum spes | Antall elever spes 8 - 10 trinn | Antall elever spes totalt skole | Totalt Spestimer | Antall elever SNO 8 - 10 trinn | 114 | Totalt SNO-timer | Årstimer ord. Under-visning (B18 i GSI) | Årstimer ord. Under-visning B18 i GSI | Gruppe-størrelse 2 | Timer lærer-norm 8 - 10. trinn | årsverk lærer-norm 1 - 4. trinn | Krav ekstra/ skolen oppfyller |
| Rimbareid | 44 | 884 | 47 | 884 | 57 | 884 | | 0 | | 6 | | 3 | | 9 | | | 18 | 32 | | 4 | | | 4255 | | | 20 | 656 | 656 |
| | 38896 | | 41548 | | 50388 | | 130832 | 0 | | 804 | | 666 | | 4617 | | 6087 | 0,5625 | | 3423,9375 | | | 114 | | 4255 | 29,9163484 | 6364,70313 | 9,70229135 | 3,21601086 |

Samla auka krav til lærarar jf. norm 2,6 stilling

# Alternativ 1 side 27 – Alle elevar til Rimbareid skule 2020 – 2021

Alt 1. Alle elevane til Rimbareid 2020 - 2021

| 1 - 4. trinn | Elevtimer | | | | | | | | | Spestimer | | | | | | | | | | | | SNO timer | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1.trinn | | 2.trinn | | 3.trinn | | 4.trinn | | | 1 - 75 timer | | 76 - 190 timer | | 191 - 270 timer | | 270 - timer | | | | | | antall trinn | 4 | | 1 - 4. trinn | | | | | |
| skole | Antall elever 1. trinn | Skolens timetalls-fordeling 1.trinn | Antall elever 2. trinn | Skolens timetalls-fordeling 2.trinn | Antall elever 3. trinn | Skolens timetalls-fordeling 3.trinn | Antall elever 4. trinn | Skolens timetalls-fordeling 4.trinn | Totalt elevtimer | Antall elever spes | 57 | Antall elever spes | 134 | Antall elever spes | 222 | Antall elever spes | 513 | Sum spes | Antall elever spes 1 - 4 trinn | Antall elever spes totalt skole | Totalt Spestimer | Antall elever SNO 1 - 4 trinn | 114 | Totalt SNO-timer | Årstimer ord. Under-visning (B18 i GSI) | Årstimer ord. Under-visning B18 i GSI | Gruppe-størrelse 2 | Timer lærer-norm 1 - 4. trinn | årsverk lærer-norm 1 - 4. trinn | Krav ekstra/ skolen oppfyller |
| Rimbareid | 39 | 684 | 37 | 713 | 39 | 713 | 44 | 741 | | 0 | | 2 | | 3 | | 2 | | | 7 | 29 | | 4 | | | 7852 | | | 15 | 741 | 741 |
| | 26676 | | 26381 | | 27807 | | 32604 | | 113468 | 0 | | 268 | | 666 | | 1026 | | 1960 | 0,24137931 | | 473,103448 | | | 114 | | 7852 | 14,3760694 | 7525,3931 | 10,1557262 | -0,44076504 |

7652 årstimar i dag
Fråtrekk two teachers 0,75 *8 * 38 = 228 timar
Tillegg 15 delingstimar 0,75 * 15 * 38 = 427,5 timar
Dette gir ein auke på 200 årstimar

| 5. - 7. trinn | Elevtimer | | | | | | | Spestimer | | | | | | | | | | | | SNO timer | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 5.trinn | | 6.trinn | | 7.trinn | | | 1 - 75 timer | | 76 - 190 timer | | 191 - 270 timer | | 270 - timer | | | | | | antall trinn | 3 | | 5 - 7. trinn | | | | | |
| skole | Antall elever 5. trinn | Skolens timetalls-fordeling 5.trinn | Antall elever 6. trinn | Skolens timetalls-fordeling 6.trinn | Antall elever 7. trinn | Skolens timetalls-fordeling 7.trinn | Totalt elevtimer | Antall elever spes | 57 | Antall elever spes | 134 | Antall elever spes | 222 | Antall elever spes | 513 | Sum spes | Antall elever spes 5 - 7 trinn | Antall elever spes totalt skole | Totalt Spestimer | Antall elever SNO 5 - 7 trinn | 114 | Totalt SNO-timer | Årstimer ord. Under-visning (B18 i GSI) | Årstimer ord. Under-visning B18 i GSI | Gruppe-størrelse 2 | Timer lærer-norm 5-7. trinn | årsverk lærer-norm 1 - 4. trinn | Krav ekstra/ skolen oppfyller |
| Rimbareid | 50 | 770 | 43 | 779 | 39 | 798 | | 0 | | 3 | | 1 | | 4 | | | 8 | 29 | | 4 | | | 5666 | | | 20 | 741 | 741 |
| | 38500 | | 33497 | | 31122 | | 103119 | 0 | | 402 | | 222 | | 2052 | | 2676 | 0,275862069 | | 738,206897 | | | 114 | | 5666 | 18,0492046 | 5113,33966 | 6,90059333 | -0,74583042 |

| 8. - 10. trinn | Elevtimer | | | | | | | Spestimer | | | | | | | | | | | | SNO timer | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 8.trinn | | 9.trinn | | 10.trinn | | | 1 - 75 timer | | 76 - 190 timer | | 191 - 270 timer | | 270 - timer | | | | | | antall trinn | 3 | | 8 - 10. trinn | | | | | |
| skole | Antall elever 8. trinn | Skolens timetalls-fordeling 8.trinn | Antall elever 9. trinn | Skolens timetalls-fordeling 9.trinn | Antall elever 10. trinn | Skolens timetalls-fordeling 10.trinn | Totalt elevtimer | Antall elever spes | 57 | Antall elever spes | 134 | Antall elever spes | 222 | Antall elever spes | 513 | Sum spes | Antall elever spes 8 - 10 trinn | Antall elever spes totalt skole | Totalt Spestimer | Antall elever SNO 8 - 10 trinn | 114 | Totalt SNO-timer | Årstimer ord. Under-visning (B18 i GSI) | Årstimer ord. Under-visning B18 i GSI | Gruppe-størrelse 2 | Timer lærer-norm 8 - 10. trinn | årsverk lærer-norm 1 - 4. trinn | Krav ekstra/ skolen oppfyller |
| Rimbareid | 48 | 884 | 44 | 884 | 47 | 884 | | 0 | | 2 | | 5 | | 7 | | | 14 | 29 | | 4 | | | 4255 | | | 20 | 656 | 656 |
| | 42432 | | 38896 | | 41548 | | 122876 | 0 | | 268 | | 1110 | | 3591 | | 4969 | 0,482758621 | | 2398,82759 | | | 114 | | 4255 | 28,2874671 | 6018,15862 | 9,17402229 | 2,6877418 |

Samla auka krav til lærarar jf. norm 1,5 stilling

